



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 26

(2002–2003)

Om samarbeidet i Atlanterhavspakt-
organisasjonen i 2002

Innhald

1	Samandrag	5
2	Nye truslar og utfordringar	7
2.1	Internasjonal terrorisme	7
2.2	Spreiing av masseøydleggingsvåpen .	8
3	Tilpassing i Alliansen	10
3.1	Utviding	10
3.2	Styrkt samarbeid med Russland og partnarlanda	10
3.3	Prahatilsegna om kapasitetar	12
3.4	Reaksjonsstyrke og ny kommandostruktur	12
3.5	Alliert militært samvirke	13
3.6	Rustingskontroll	14
3.7	Samarbeid om sivil beredskap	14
4	Europeisk tryggings- og forsvarspolitik	15
4.1	ESDP og tilhøvet mellom NATO og EU	15
4.2	Situasjonen på Vest-Balkan	16
5	Vurderingar og framtidsperspektiv	18

Vedlegg

1	Sluttkommuniké frå utanriksministermøtet i Det nordatlantiske rådet i Reykjavik 14. mai 2002	20
2	Tilhøvet mellom NATO og Russland: Ein ny kvalitet. Erklæring frå stats- og regjeringssjefane i NATO-medlemslanda og Den russiske føderasjonen i Roma 28. mai 2002	25
3	Erklæring frå toppmøtet i Praha, framlagd av stats- og regjeringssjefane som deltok på møtet i Det nordatlantiske rådet 21. november 2002	27
4	Kunngjering om utvidinga frå toppmøtet i Praha ved George Robertson, generalsekretæren i NATO.	32
5	Fråsegn om Irak frå toppmøtet i Praha 21. november 2002	33
6	Brev av 13. desember 2002 frå høgrepresentanten for den felles utanriks- og tryggingspolitikken i Den europeiske unionen, Javier Solana, til generalsekretæren i NATO, George Robertson	34
7	Brev av 13. desember 2002 frå generalsekretær George Robertson til høgrepresentanten for den felles utanriks- og tryggingspolitikken i Den europeiske unionen, Javier Solana	37
8	Fellesfråsegn frå EU og NATO om Den europeiske forsvars- og tryggingspolitikken (ESDP) 16. desember 2002	39

St.meld. nr. 26

(2002–2003)

Om samarbeidet i Atlanterhavspakt-organisasjonen i 2002

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

Terroråta mot USA i september 2001 gjorde det klart at trusselbiletet har endra seg radikalt etter den kalde krigen. I staden for ein klar og hovudsakleg militær trussel, står vi no overfor ei rekkje truslar frå internasjonal terrorisme og spreing av masseødeleggingsvåpen. 2002 var prega av arbeidet med å tilpasse NATO til desse nye utfordringane.

Kampen mot internasjonal terrorisme har vist kor mykje eit sterkt internasjonalt samhald har å seie. Berre ved å stå saman i ein brei global koalisjon lukkast det å fjerne det brutale Talibanregimet frå makta i Afghanistan og å vidareføre kampen mot terroristorganisasjonen al-Qaida. Ei rekkje av kandidatlanda til NATO har teke aktivt del i kampen mot internasjonal terrorisme. Desse bidraga forklarar langt på veg den største utvidinga i historia til Alliansen. 2002 vart òg kjenneteikna av eit styrkt samarbeid med Russland og dei andre partnerlanda, og av eit gjennombrøt i utviklinga av ein strategisk partnerskap mellom NATO og EU.

Vedtaket om utviding under NATO-toppmøtet i Praha i november innebar at Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia gjekk inn i tiltredingsforhandlingar om medlem-

skap i Alliansen. Saman med utvidinga av Den europeiske unionen er dette eit avgjerande steg i retning alleuropeisk samarbeid og stabilitet. Dei nye medlemmene skal etter planen tre inn i Alliansen innan mai 2004.

Det har vore ei langsiktig utanrikspolitisk målsetjing for Noreg at alle land skal stå fritt til å velje tryggingsspolitisk ståstad. Noreg arbeidde aktivt for at utvidinga skulle verte så omfattande som mogleg. Det var særleg gledeleg at dei tre baltiske landa vart inviterte.

Opprettinga av NATO-Russland-rådet (NRC) på toppmøtet i Roma i mai 2002 trekte Russland enda nærmare det euroatlantiske samarbeidet. President Putin sitt val av samarbeid med Vesten har gjort Russland til ein konstruktiv medspelar i møtet med dei nye tryggingsspolitiske utfordringane. Det rår no ein ny og konstruktiv tone i både politiske konsultasjonar og praktisk samarbeid. For første gong er det etablert eit felles tryggingsspolitisk råd mellom Russland og NATO der avgjerder vert tekne ved konsensus, og der dei allierte og Russland møter på lik line.

Noreg spela òg frå første stund ei pådrivarrolle for å få NATO-Russland-rådet på plass. For Noreg er styrking av samarbeidet med Russland

viktig i møtet med dei nye utfordringane, og for å byggje tillit på tvers av dei gamle skiljelinene. NRC har òg eit stort potensiale når det gjeld handteringa av dei særlege utfordringane vi står overfor i våre nærområde. Noreg har difor arbeidd for at handtering av kjernefysisk materiale vert sett på dagsordenen til NRC. Vidare har trygging av sivilbefolkninga mot effektane ved bruk av masseødeleggingsvåpen vore teke opp i NRC på initiativ frå Noreg.

Toppmøtet i Praha kom med ei fråsegn som slo fast Alliansen si haldning til Irak-konflikten. Tryggingsrådet sin resolusjon 1441 fekk full støtte, og Irak vart oppfordra til umiddelbart og fullt ut å rette seg etter vedtaket. Av omsyn til Tyrkia si utsette stilling vart det i februar 2003 vedteke visse defensive tiltak og støtte til sivil beredskap. Både usemja i samband med dette spørsmålet og den vidare handsaminga av Tryggingsrådet sin resolusjon 1441 har fått følgjer for samarbeidsklimaet i Alliansen.

Toppmøtet i Praha vedtok ytterlegare tilpassing og styrking av samarbeidet med dei 27 partnarlanda i Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) og i Partnerskap for fred (PFP). Det vart mellom anna vedteke ein eigen handlingsplan om kampen mot internasjonal terrorisme. NATO-Ukraina-kommisjonen (NUC) vedtok under toppmøtet i Praha eit handlingsprogram som legg til rette for intensivert dialog og samarbeid. Den politiske dialogen med Ukraina vart diverre svekka etter at skuldingane om eksport av forsvarsmateriell til Makedonia og Irak vart kjend. Middelhavsdialogen, som omfattar NATO sitt samarbeid med Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia, vart utdjupa i året som gjekk.

Som eit viktig tiltak i møtet med dei nye utfordringane vart det under toppmøtet likeins fatta vedtak om nye og betre militære kapasitetar. Praha-tilsegna om kapasitetar inneber styrking av den militære evna til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen, forbedringar innan kommando, kommunikasjon, informasjon og operativt samarbeid, i tillegg til rask utplassering og effektivitet og uthald i kamp. Fleirnasjonalt samarbeid vil stå i fokus. Som eit ledd i dette arbeidet har Noreg forplikta seg til å gjere sine militære styrkar meir fleksible, flyttbare og uthaldande, samstundes som evna til å verke saman med styrkar frå andre land må verte betre.

Toppmøtet vedtok òg opprettinga av ein eigen

reaksjonsstyrke, den såkalla NATO Response Force. Denne skal kunne rykkje ut på kort varsel etter vedtak i NATO sitt råd. Styrken skal vere fleksibel, uthaldande og teknologisk avansert, og skal raskt kunne setjast inn der det måtte vere påkravd. Auka evne til reaksjon betyr òg auka relevans. Noreg har slutta aktivt opp om denne prosessen.

Den tryggingsspolitiske utviklinga har gjort det naudsynt å vidareutvikle forsvarssamarbeidet i NATO. Sentralt her står deltaking i fredsoperasjonar og utvida samarbeid med aktørar utanfor Alliansen. Det vil i tida framover vere viktig med god samordning mellom norske forsvarsplanar og planar hos nærstående allierte i NATO.

NATO sin innsats for fred og stabilitet på Balkan heldt fram i 2002. Ei betring i tryggingssituasjonen tillét i 2002 ein reduksjon av KFOR-styrken i Kosovo og av SFOR-styrken i Bosnia-Hercegovina. Noreg har peika på at vidare reduksjonar må finne stad i takt med ei betring av tryggleiken i området, og ikkje tvingast fram før situasjonen tilseier det. Noreg har valt å konsentrere innsatsen sin om Kosovo. Den norske kontingenten i KFOR er med eit personell på om lag 800 blant dei største sett i forhold til folketal og militære ressursar.

Dei militære operasjonane på Balkan og i Afghanistan har understreka behovet for ei betre byrdefordeling mellom USA og dei europeiske allierte. Det er i eit slikt perspektiv ein må sjå ønsket om eit europeisk tryggings- og forsvarspolitisk samarbeid. Under EU-toppmøtet København i desember 2002 tok NATO og EU eit langt steg framover i dette arbeidet. EU vil no få tilgang til NATO-ressursar ved militære EU-operasjonar.

Samarbeidet mellom NATO og EU, og mellom EU og allierte ikkje-EU-land, er med dette inne i ein ny fase. Noreg sine interesser i tilhøvet til EU blir mellom anna varetekne gjennom samarbeidet mellom NATO og EU. I tillegg opnar eigne deltakarordningar for ytterlegare kontakt og samarbeid mellom EU og dei europeiske, allierte ikkje-EU-landa. For Noreg og dei andre landa i denne kategorien blir det ei særskild utfordring å gjere innhaldet i desse ordningane meir konkret. Her må vi sjølve vere aktive overfor EU.

Som følgje av gjennombrøtet i samarbeidet mellom dei to organisasjonane, overtek EU i 2003 ansvaret for operasjonen i Makedonia frå NATO. Gjennombrøtet opnar òg for ei EU-overtaking av operasjonen i Bosnia-Hercegovina, truleg i første halvdel av 2004.

2 Nye truslar og utfordringar

2.1 Internasjonal terrorisme

Terrorhandlingane i USA sette for alvor kampen mot terrorisme på den internasjonale dagsordenen. Trusselbiletet har vorte meir mangearta og omfattande. Samstundes er ein kjend med at terroristgrupper har freista å skaffe seg kjernefysiske, kjemiske og biologiske stridsmiddel. Masseødeleggingsvåpen i hendene på terroristorganisasjonar, eller i hendene på statar som støtter slik verksemd, er den største trusselen vi står overfor i dag. Arbeidet med å hindre spreing av masseødeleggingsvåpen er difor nært knytt til kampen mot terrorisme. Handteringa av dei nye truslane har hatt stor politisk og militær innverknad på arbeidet i NATO.

Under Alliansen sitt toppmøte i Praha hausten 2002 vart det vedteke ei tiltakspakke som inkluderar utviklinga av eit militært konsept der rolla til NATO i forsvaret mot terrorisme vert nærmare definert. Pakka omfattar tiltak for å handtere konsekvensane ved bruk av masseødeleggingsvåpen, bistand til allierte nasjonar når det gjeld å takle konsekvensane av terrorangrep mot sivilbefolkninga, styrking av etterretning, betring av Alliansen sine krisehandteringsmekanismar, tettare samarbeid med partnerlanda, styrkt samarbeid med andre internasjonale organisasjonar og sivile styresmakter og auka fokus på dei økonomiske sidane av antiterrorismearbeidet.

På toppmøtet i Praha vart òg NATO sitt konsept for forsvar mot terrorisme vedteke. Konseptet slår fast at terror best kan nedkjempast gjennom ein kombinasjon av politiske, økonomiske, militære, juridiske og sosiale verkemiddel. Sentralt står defensive tiltak for redusere sårbarheita til eigne styrkar, eiga befolkning og eige territorium. Ansvar for denne oppgåva ligg primært hos den einskilde staten, men ved behov skal bistand frå Alliansen vere tilgjengeleg. Vidare er målsetjinga for konseptet å styrkje Alliansen sin kapasitet til å støtte medlemsland som vert utsette for større terroråtak, mellom anna med masseødeleggingsvåpen.

NATO skal først og fremst vere ein samordnande instans for bistand frå allierte. Ein tek òg

sikte på å betre mekanismene for krisehandtering i samband med terroråtak mot sivilbefolkninga. NATO skal i framtida kunne gjennomføre operasjonar retta mot både terroristar og dei som støttar terroristane. Dette krev effektiv kommando og kontroll og evne til å setje inn militære einingar med høg beredskap. I denne samanhengen vil opprettinga av NATO sin reaksjonsstyrke vere viktig.

Kampen mot internasjonal terrorisme står òg sentralt i dialogen mellom Alliansen og dei ulike partnerlanda, anten han går føre seg i Det euroatlantiske partnerskapsrådet, i NATO-Ukraina-kommisjonen eller i Middelhavsdialogen.

I kjølvatnet av terrorhandlingane i 2001 sette NATO i verk ei rekkje tiltak for å gje bistand til USA og gjere Alliansen mindre sårbar for terroråtak. Etter førespurnad frå USA vedtok NATO å styrkje etterretningssamarbeidet, både bilateralt og innanfor Alliansen. I tida frå terroråtak til mai 2002 overvakte allierte fly amerikansk luftrom. I tillegg har NATO sine ståande flåtestyrkar i Atlanterhavet og Middelhavet bytt på å patruljere og overvake det austlege Middelhavet ved hjelp av overflatefartøy og ubåtar. Dette har vore eit viktig uttrykk for solidariteten frå NATO sine medlemmer.

Forutan denne kollektive innsatsen har 14 NATO-land bidrege med styrkar, transport, spesialistar og støttepersonell til den USA-leidde kampanjen mot terroristnettverka og det brutale Talibanregimet i Afghanistan (Operasjon Enduring Freedom). Ei rekkje av partnerlanda har òg bidrege, til dømes med overflygingsløyve og flyplass- og hamnerettar for farty og fly som deltek i operasjonen. Styrkebidrag frå NATO-land utgjer òg hovudtyngda i den internasjonale tryggingstyrken med FN-mandat i Afghanistan, ISAF. Noreg har teke del i operasjonane i Afghanistan med mellom anna spesialstyrkar og minerydningsslag. I samband med Enduring Freedom har seks norske jagarfly av typen F-16 vore utplasserte i Kirgisistan sidan oktober 2002. Noreg deltek òg i tryggingstyrken.

Alliansen har òg stilt med støtte innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi og etter-

retning i samband med planlegginga av den tysk-nederlandske overtakinga av leiinga av ISAF III i februar 2003. Vidare vart styrkegenereringskonferansen for ISAF III tilrettelagd av SHAPE, hovudkvarteret for NATO sin øvstkommanderande i Europa. Det vil i framtida kunne bli ein meir direkte medverknad frå NATO når det gjeld stabiliseringa av situasjonen i Afghanistan.

Kampen mot internasjonal terrorisme vil i stor grad prege Alliansen sitt arbeid i åra framover. Regjeringa støttar aktivt opp om arbeidet med å styrkje NATO si evne til å bidra på dette feltet. Det politiske og militære samarbeidet må intensive- rast. Det er brei semje om at Alliansen har eit særskild ansvar for å handtere denne trusselen.

2.2 Spreiing av masseødeleggingsvåpen

Arbeidet med å hindre spreininga av kjemiske, biologiske og kjernefysiske våpen har pågått i mange år. Det er etablert ei mengd forpliktande, internasjonale avtalar for å motverke at nye land skaffar seg slike våpen. Trass i ei rekkje initiativ og prosessar har det ikkje lukkast å oppnå universell tilslutning om desse ikkje-spreiingsregima.

Det er såleis brei semje i Alliansen om å styrkje innsatsen for å avgrense spreining av masseødeleggingsvåpen. Arbeidet med det såkalla masseødeleggingsinitiativet held fram. Initiativet går ut på å sikre at Alliansen har den naudsynte politiske og militære evna til å handtere dei utfordringane spreining av slike våpen, og leveringsmidla deira, utgjør. Hendingar dei siste åra, mellom anna utbrotet av miltbrann i USA, funnet av ricin i London og våpeninspeksjonane i Irak, viser at spørsmålet er særskilt aktuelt.

I lys av terroråta mot USA og den påfølgjande bruken av miltbrannbakteriar, såg ein eit behov for raskt å setje i verk tiltak i NATO mot trusselen frå slike våpen. På forsvarsministermøtet i juni 2002 vart det vedteke å setje i verk eit eige initiativ når det gjeld vern mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen. Hovudvekta vart lagd på kapasitetar for å verne utplasserte styrkar mot masseødeleggingsvåpen, særskilt biologiske våpen. Det vart vidare vedteke å etablere prototypar av dei operative kapasitetane til desse initiativa. Desse vart demonstrerte på toppmøtet i Praha. Initiativa inneber fem konkrete prosjekt:

- Fleirnasjonale reaksjonslag som skal handtere biologiske og kjemiske hendingar og hendingar som involverer radioaktiv stråling.

- Fleirnasjonale mobile laboratorium med personell og utstyr til å ta prøver og analysar i operasjonsområdet.
- Ei samanknytning av ulike kompetansesenter i Alliansen.
- Utvikling av eit system for overvaking av sjukdom som snøgt skal kunne identifisere utbrot som skuldast biologiske stridsmiddel.
- Utvikling av ein database med oversikt over dei samla lagra av medisinsk materiell i Alliansen.

Noreg har frå byrjinga støtta desse initiativa og bidrege aktivt til å utvikle prototypane. Fleire øvingar vil finne stad i løpet av 2003.

Arbeidet for å hindre spreining av biologiske, kjemiske og kjernefysiske våpen vil vere ei overordna oppgåve for Alliansen i åra som kjem. Berre ved felles innsats og samarbeid med andre organisasjonar vil ein oppnå resultat. I dette arbeidet vil FN spele den sentrale rolla. NATO sin innsats vil følgeleg måtte tilpassast verksemda i FN.

NATO si grunnleggjande holdning til *Irak-konflikten* vart formulert på Praha-toppmøtet. Det vart mellom anna gjeve full støtte til gjennomføringa av Tryggingrådet sin resolusjon 1441, som pålegg Irak å samarbeide med FN om fjerning av masseødeleggingsvåpen. Samstundes oppfordra Alliansen Irak til fullt og umiddelbart å rette seg etter resolusjonen. Ein streka vidare under at NATO-landa stod samla i støtte til FN sitt arbeid. Ein gjentok at det ville innebære alvorlege konsekvensar for Irak om landet ikkje retta seg etter FN sin resolusjon. Dette har lege i botnen for NATO si vidare handsaming av Irak-spørsmålet.

På denne bakgrunnen foreslo USA i desember 2002 at NATO sitt råd skulle gje Alliansen sin militære øvstkommanderande i Europa, SACEUR, fullmakt til å drøfte beredskapsplanlegging på enkelte område. NATO sin generalsekretær la fram eit forslag i januar om å byrje planlegginga av visse beredskapstiltak. Forslaget gjaldt hovudsakleg tiltak av defensiv karakter, og tok for seg dei vernebehov Tyrkia måtte ha ved ein eventuell konflikt. Forslaget skulle vise seg å innleie ein vanskeleg debatt som kan komme til å prege Alliansen i 2003.

Også i samband med handsaminga av Irak-krisa i Tryggingrådet har det vore djupe motsetningar mellom dei allierte. Usemja i desse spørsmåla stiller Alliansen overfor store utfordringar. For Noreg har det vore maktpåliggjande å arbeide for at dei transatlantiske banda NATO byggjer på, ikkje skal bli svekte som følgje av denne usemja. Dei allierte landa deler verdiar som har vore

grunnfjellet i Atlanterhavspakta sidan ho vart underteikna i 1949. Det er naturleg med drøftingar innan eit slikt fellesskap, men i tida framover må alle bidra til at NATO kan leggje desse spenningane bak seg.

For å vurdere korleis ein kan møte den aukande rakettrusselen mot land, styrkar og tettfolka område, vart det under toppmøtet i Praha vedteke å setje i gang ei ny og meir omfattande utgreiing om rakettforsvar. Arbeidet vil ta for seg både politiske og forsvarsmessige sider.

Etter bortfallet av ABM-avtalen ønskte USA å trekkje allierte og nærstående land meir med gjennom konsultasjonar bilateralt og i NATO. Under forsvarsministermøtet i juni slo Alliansen fast at det er naudsynt å utplassere eit geografisk avgrensa rakettforsvar for å verne styrkar i felten.

Det vart vidare fatta ei avgjerd om at når pågåande studiar om eit slikt teatterakettforsvar er ferdige, skal dei allierte vurdere ulike alternativ for å byggje ut slikt forsvar.

Noreg har verdsett at desse spørsmåla no vert drøfta innanfor Alliansen. På denne måten får ein på norsk og anna alliert hald betre innsikt i den amerikanske tenkinga, og samstundes eit høve til å påverke arbeidet med å utforme langsiktige strategiar. Slik kan Noreg medverke til at trusselvurderingane vert mest mogleg nyanserte, og at dei tek omsyn til verkemiddel som rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing. Det faktum at russarane viser særskild interesse for arbeid med rakettforsvar i det nye NATO-Russland-rådet, har medverka til semje i Alliansen om vidare drøftingar.

3 Tilpassing i Alliansen

3.1 Utviding

Etter slutten på den kalde krigen har arbeidet med å fjerne gamle skiljelinjer og styrkje tryggleiken i heile det euro-atlantiske området vore ei av NATO sine viktigaste oppgåver. Dette var bakgrunnen for at Polen, Tsjekkia og Ungarn vart tekne opp som medlemmer i 1999. Vedtaket om å invitere ytterlegare sju land under Praha-toppmøtet i november 2002 var eit nytt, viktig steg i dette arbeidet.

Vedtaket om utviding var mellom anna tufta på dei sju kandidatlanda sin innsats på Balkan og på deira medverknad i kampen mot internasjonal terrorisme. Deira vilje til å ta ansvar for felles trygging utfordringar var eit overbevisande argument for medlemskap.

Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia gjekk etter toppmøtet inn i tiltredingsforhandlingar med sikte på medlemskap. Invitasjonen viskar ut den siste rest av skiljelinene frå den kalde krigen, og aukar den regionale tryggleiken. Medlemskapen i NATO vil grunnfeste og vidareutvikle dei politiske og økonomiske reformene i desse landa. Regjeringa legg òg vekt på den styrkinga av det transatlantiske samhaldet som utvidinga inneber.

Parallelt med ein rask tiltredingsprosess vil det vere viktig at dei inviterte landa held fram med det interne reformarbeidet. Landa er klart medvetne om den vekta som vert lagd på at reformarbeidet held fram.

For Noreg har det òg vore viktig å medverke til at dei inviterte landa kan integrerast så fort og godt som mogleg i Alliansen sitt arbeid. For å lette den praktiske tilpassinga til medlemskap har Noreg teke til orde for ei fadderordning for dei inviterte landa. Ordninga vil vere fleksibel og tilpassa dei inviterte landa sine behov. Forslaget er teke imot på ein god måte. Noreg vil sjølv tilby dei sju landa bistand i handteringa av dei praktiske aspekta ved medlemskap.

Åra etter den kalde krigen har prova at NATO er ein inkluderande organisasjon. Går alt etter planen, vil medlemstalet ha auka frå 16 til 26 på fem år. Samstundes er det brei semje om at nye land

vil bli tekne opp når dei tilfredsstiller kriteria for medlemskap. Det er i eit slikt perspektiv ein må sjå vidareføringa av den såkalla Handlingsplanen for medlemskap (MAP). I dei sju landa som vart invitert i Praha, har deltaking i handlingsplanen vist seg svært positiv når det gjeld reformer innan forsvar, rettsvesen og politiske institusjonar.

3.2 Styrt samarbeid med Russland og partnarlanda

Opprettinga av NATO-Russland-rådet (NRC) på toppmøtet i Roma 28. mai førte til ei kvalitativ endring i tilhøvet mellom NATO og Russland. Rådet, som erstatta Fellesrådet NATO-Russland (PJC), er eit politisk og praktisk samarbeid mellom 20 likeverdige deltakarar.

Målsetjinga om eit grunnleggjande nytt tilhøve, med auka vekt på likeverd mellom deltakarane, gjorde det naudsynt å understreke at førehandskoordinering mellom dei allierte berre kunne finne stad unntaksvis. Dersom dei nitten NATO-medlemmene skulle verte samde om ei felles haldning før Russland vart teke med i handsaminga av saker, ville det vere vanskeleg å få til ei reell utveksling av synspunkt. Føresetnaden for denne endringa var at ein skilde klart mellom det som gjaldt samarbeidet med Russland og det som gjaldt det kollektive forsvarssamarbeidet i NATO. Regjeringa arbeider aktivt for å gje NATO-Russland-rådet gode arbeidsvilkår og mest mogleg konkret innhald.

Gjennom forhandlingane om det nye samarbeidsforumet viste Russland seg som ein konstruktiv medspelar i tråd med president Putin sitt ønske om ei fundamental endring i tilhøvet til Vesten. På russisk side gjorde ein det klart at ein ikkje hadde ambisjonar om innpass i dei delar av NATO-samarbeidet som gjeld artikkel 5 i Washington-traktaten. Ein vart samde om å utvikle NATO-Russland-rådet til eit praktisk orientert forum. Rådet omfattar no åtte funksjonelle arbeidsgrupper for tema som mellom anna terrorisme, spreiging av masseødeleggingsvåpen, sivil trygging og forsvarsreform.

NATO-Russland-rådet har sidan møtet i Roma fungert som ei øving i å byggje tillit. Det er ei ny ånd i konsultasjonane. Det kan over tid føre til at dei allierte og Russland i aukande grad kan arbeide seg fram til felles posisjonar og stille seg bak felles politiske initiativ. Felles innsats i kampen mot terrorisme og samarbeid på Balkan står i første rekkje i dette arbeidet.

Noreg gjekk frå første stund inn for å integrere Russland i eit forpliktande samarbeid, og tek sikte på å halde fram som pådrivar i det nye samarbeidet. Noreg ser òg NATO-Russland-rådet som eit potensielt viktig instrument i arbeidet med dei særskilde utfordringane i våre nærområde, til dømes handtering av kjernefysisk materiale for å hindre spreiking av materiale som kan brukast for å framstille masseødeleggingsvåpen. Sett i høve til norske interesser vil eit regionalt fokus i NATO-Russland-rådet vere særskild viktig for å supplere den aktiviteten som går føre seg i andre forum. Ein vil òg leggje særskild vekt på å styrkje NRC-samarbeidet om spreikingsspørsmål, sivil trygging og forsvarsreform.

Arbeidet med omlegginga av den russiske forsvarssektoren og betringa av leite- og redningstester til havs, i tillegg til samarbeidet om beredskap for trygging av sivilbefolkninga, vil vere prioriterte oppgåver. Noreg har gjort framlegg om at NATO-Russland-rådet òg skal arbeide med sikring av kjernefysisk materiale. Det er lagt stor vekt på at rådet vert engasjert i saker som kan verke positivt inn på Noreg sitt bilaterale tilhøve til Russland, som til dømes forsvarleg handtering av atomavfall i nordområda.

Det globale ved dei nye tryggingpolitiske utfordringane gjer det naudsynt med eit breitt samarbeid som omfattar land utanfor Alliansen. Dette er bakgrunnen for opprettinga av det nye NATO-Russland-rådet. Det er òg bakgrunnen for samarbeidet med dei 27 *partnarlanda* i Det euroatlantiske partnarshapsrådet og Partnarshap for fred. Den sentrale målsetjinga er å fremje stabilitet og demokrati gjennom dialog og praktisk samarbeid. EAPC utgjer den overordna ramma for den politiske dialogen med partnarane, medan hovudtyngda av det konkrete forsvarsrelaterte samarbeidet finn stad i PFP.

Samarbeidet med partnarane er gradvis vorte bygt ut. Det dekkjer i dag ei lang rekkje område, frå kampen mot internasjonal terrorisme og spreiking av masseødeleggingsvåpen til krisehandtering, sivil beredskap og konsultasjonar om politiske, militære og forsvarspolitiske spørsmål. Praha-toppmøtet vedtok òg ytterlegare tilpassing

og styrking av den politiske dialogen, og evna til militært samvirke, for betre å reflektere ei breiare tilnærming til tryggingsspørsmål i lys av endringane i trusselbiletet.

Som følge av NATO-utvidinga vil det i framtida vere færre partnarland. Dei som er att, som til dømes Sverige, Finland, Austerrike, Irland og landa i Kaukasus og Sentral-Asia, utgjer ei meir ueinsarta gruppe enn dei som har vore med til no. Samstundes med at partnarane skal involverast tettare i dei politiske prosessane, vert det lagt opp til meir differensierte samarbeidsstrukturar i samsvar med dei ulike landa sine behov og interesser. Ein legg vekt på behovet for å auke bidraga til arbeidet for regional stabilitet, med eit særleg fokus på utfordringane i Kaukasus og Sentral-Asia.

Noreg har særskilt lagt vekt på å styrkje partnarlanda si deltaking når det gjeld dei NATO-leidde fredsoperasjonane på Balkan. Desse landa deltek her med eigne troppebidrag. Ein har hatt tett kontakt med Sverige og Finland med sikte på å vareta felles nordiske interesser. Eit tett og effektivt samarbeid med partnarane skaper stabilitet, og aukar samstundes NATO si evne til å gjennomføre krisehandteringsoperasjonar og handtere nye truslar mot tryggleiken.

Dei allierte har helsa velkommen *Ukraina* sitt ønske om styrking av samarbeidet og dialogen med NATO som ledd i deira langsiktige mål om full integrasjon i dei euroatlantiske strukturane, inkludert medlemskap i NATO. Eit stabilt Ukraina er ein føresetnad for stabilitet i heile regionen.

Samstundes har samarbeidet med Ukraina vore prega av manglande tillit som følge av eksport av tungt forsvarsmateriell til Makedonia og av påstandar om eksport av militært utstyr til Irak. Eksporten til Irak representerer eit klart brot på FN sine sanksjonar mot Irak, og vert oppfatta som særskild alvorleg av dei allierte.

Trass i desse episodane meiner dei allierte at dialogen med Ukraina og reformarbeidet må førast vidare. Dette har Noreg slutta seg til. Dei allierte har gjort det heilt klart at regimet i Kiev må vise reell vilje til å respektere internasjonale eksportkontrollavtalar. Det vil i framtida vere Ukraina sitt ansvar å gjenopprette tilliten. Styrkt eksportkontroll for våpen og forsvarsrelatert materiell vil vere viktig.

For å imøtekomme Ukraina sitt ønske om eit nærare samarbeid med NATO, vart det under utanriksministermøtet i NATO-Ukraina-kommisjonen i Praha vedteke ein handlingsplan for

styrkt samarbeid. Det vart i 2002 gjennomført ei rekkje aktivitetar for å støtte i Ukraina sitt arbeid med å reformere forsvaret.

NATO har gjennom 2002 fortsett å byggje ut samarbeidet med Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Tunisia i den såkalla *Middelhavsdialogen*. I arbeidet med å styrkje og utdjupe arbeidet innafor dialogen, vart det i førebuingane til toppmøtet i Praha utarbeidd eit arbeidsprogram. Dialoglanda har vist positiv interesse, og har mellom anna uttrykt ønske om auka kontakt på politisk nivå og auka samarbeid på område som sivil beredskap, vitskap, handvåpen, krisehandtering, miner og spreiding av masseødeleggingsvåpen.

Det vil i tida framover vere viktig med ei ytterlegare styrking av mekanismane for samarbeid som er etablerte med partnerlanda. At ein her står overfor ei ueinsarta gruppe land, gjer det påkravd med mest mogleg individuelt tilpassa ordningar. Noreg vil òg i tida framover prioritere arbeidet med å integrere dei ikkje-allierte EU-landa Finland, Irland, Sverige og Austerrike i eit forpliktande samarbeid med NATO. Erfaringane frå samarbeidet med desse landa har så langt vist at det er gode utsikter for å få dette til.

3.3 Prahatilsegna om kapasitetar

Ei hovudutfordring for NATO er å omforme og styrkje den militære evna i Alliansen gjennom fleire moderniseringstiltak. Sentralt i denne samanhengen står vedtaka frå Praha om kapasitetstilsegner, kommandostruktur og oppretting av ein ny alliert reaksjonsstyrke, den såkalla NATO Response Force.

Når det gjeld nye og betre militære kapasitetar, vedtok stats- og regjeringssjefane å tilpasse dei militære styrkane i Alliansen gjennom Prahatilsegna om kapasitetar. Tilsegna fokuserer på å betre den militære evna når det gjeld kommando, kommunikasjon, informasjon, operativt samarbeid, utplassering, effektivitet og uthald i kamp, i tillegg til forsvar mot kjemiske, biologiske, radiofysiske og kjernefysiske våpen.

NATO tek sikte på å skaffe seg fleksible reaksjonsstyrkar. Styrkane skal vere både uthaldande og mobile, og dei skal vere innsatsklare og kunne operere saman med andre styrkar. Dei skal ha høg kampkraft og god evne til å verne seg sjølve. Dei skal vere i stand til å handtere heile spekteret av utfordringar langt unna eige territorium.

Styrkar som ikkje kan setjast inn med full

logistikkstøtte, vil ha redusert verdi. I lang tid framover vil det ikkje vere behov for slike styrkar som kan mobiliserast med lang klargjeringstid. Medlemslanda vert oppmoda til å omprioritere sine forsvarsbudsjett og forsvarsplanar for betre å kunne etablere færre, men meir mobile og avanserte styrkar. For å utnytte hardt pressa ressursar betre, legg ein i stor grad òg opp til at fleirnasjonalt samarbeid skal nyttast.

Noreg har forplikta seg til deltaking i fleire prosjekt i samband med Prahatilsegna om kapasitetar. Desse prosjekta omfattar mellom anna:

- betre vern mot masseødeleggingsvåpen for norske styrkar i NATO-beredskap;
- bidrag til å utvikle ein fellesalliert, luftboren kapasitet for bakkeovervaking;
- auke i behaldningane av presisjonsstyrte lufttilbakkevåpen;
- bidrag til ei mellombels fleirnasjonal løysing for å skaffe strategisk transportflykapasitet;
- bidrag til ei fleirnasjonal løysing for å skaffe ein tankflyflåte;
- bidrag til å auke tilgangen til strategisk sjøtransportkapasitet i Alliansen;
- betring av støttefunksjonane for dei innsatsklare hærstyrkane, mellom anna ved å skaffe taktisk ubemanna luftovervaking (UAV) og støttefarty til dei nye fregattane.

3.4 Reaksjonsstyrke og ny kommandostruktur

I Praha vart det vedteke å opprette ein ny reaksjonsstyrke, den såkalla NATO Response Force. Denne skal ha full operativ kapasitet innan utgangen av 2006. Hovudformålet er å styrkje NATOs militære reaksjonsevne og effektivitet, og såleis auke Alliansen sin relevans.

Reaksjonsstyrken skal ha særskild høg stridsevne, vere teknologisk overlegen og ha kapasitet til å løyse oppdrag på alle intensitetsnivå. Styrken vil ha styrkekomponentar frå alle forsvarsgreiner og ha høg beredskap og evne til rask utplassering. Styrken vil vere fleksibel og kunne tilpasse innsatsen sin i samsvar med kva oppdraget krev.

Frå norsk side er det viktig å støtte opp om dette konseptet, først og fremst for å bidra til å styrkje Alliansen sin operative kapasitet. Dette vil i realiteten verte den einaste raske reaksjonsstyrken i NATO. Styrken vil kunne brukast til krisehandteringsoperasjonar både innanfor og utanfor området til Alliansen. For Noreg er den positive rolla dette initiativet spelar for dei transatlantiske

banda særst viktig. Å sikre eit tett operativt samarbeid mellom amerikanske og europeiske styrkar for framtida, og dermed sikre interoperabilitet mellom USA og Europa, er tryggingsspolitisk avgjerande.

Det er viktig at opprettinga av NATO Response Force ikkje kjem i noko motsetnadstilhøve til opprettinga av ein reaksjonsstyrke i EU. At Noreg har meldt inn styrkar i andre register, mellom anna «styrkebrønnen» til EU, vil ikkje redusere evna til å delta i reaksjonsstyrken til NATO.

På NATO sitt forsvarsministermøte i juni vart det vedteke å gjere ein omfattande og heilskapleg gjennomgang av Alliansen sine kommandoordningar. I tillegg til å oppnå ein meir fleksibel kommandostruktur, som er betre tilpassa dei tryggingsspolitiske utfordringane i framtida, er det òg ei målsetjing at prosessen skal leie fram til ein mindre og meir effektiv struktur. På toppmøtet i Praha vart det gjort prinsipielle vedtak som vil leggje føringar for det vidare arbeidet med kommandoordningane. Siktemålet er at gjennomføringa kan starte sommaren 2003.

Den nye kommandostrukturen vil vere sett saman av to strategiske kommandoar, ein i Europa og ein i USA. Europakommandoen vil ha hovudansvaret for å gjennomføre allierte operasjonar. Den funksjonelle kommandoen i USA vil fokusere på utvikling av konsept og doktrine og på den vidare moderniseringa av kapasitetar og strukturar.

Noreg har arbeidd aktivt for å bevare eit alliert hovudkvarter på Jåttå. Prosessen hittil har synt at det ikkje vil vere enkelt å bevare eit NATO-hovudkvarter i Noreg ut frå ei reint operativ grunngjeving. Dette skuldast generelt behovet for effektivisering, og at dei store NATO-landa har større personellbehov i aktivitetar utanfor NATO. I tillegg vert hovudkvartera gjorde meir fleksible og innsatsklare, noko som gjer det mindre viktig kvar dei er lokaliserte. Dei fellesoperative hovudkvartera av den typen som i dag ligg på Jåttå, vert tilrådd fjerna frå kommandostrukturen i NATO. Skal ein framleis ha allierte med tilknytning til kommandostrukturen til stades i Noreg, er det naudsynt å finne nye oppgåver for Jåttå.

Røynsla hittil syner at sjansane for å oppretthalde NATO-verksemda i Stavanger ligg i å arbeide for ei eining direkte underlagt den nye funksjonelle kommandoen i USA. Hovudkvarteret på Jåttå er spesielt godt eigna for ei slik rolle, gjennom brei røynsle frå felles operasjonar og øvingar, særst gode øvings- og treningsforhold og tilsva-

rande fasilitetar og infrastruktur. Fleire av våre sentrale allierte deler denne oppfatninga.

3.5 Alliert militært samvirke

Den generelle tryggingsspolitiske utviklinga har resultert i fleire og meir samansette krav til forsvassamarbeidet. Det har vore naudsynt å vidareutvikle forsvassamarbeidet, ikkje minst med tanke på deltaking i ulike typar fredsoperasjonar og eit utvida samarbeid med aktørar utanfor Alliansen. Styrkeplanprosessen i NATO vil vere den sentrale mekanismen for oppfølging av vedtaka frå Praha om reaksjonsstyrke og kapasitetar.

Hovudutfordringa for medlemslanda er å omprioritere planar og budsjett for å skape styrkar som er meir fleksible og som vil vere i stand til å femne over eit breiare spekter av oppgåver inn- anfor same struktur.

I tråd med den tryggingsspolitiske utviklinga vil det vere viktig med god samordning mellom norske forsvassplanar og NATO sine krav og behov. Difor er det ei målsetjing for neste norske langtidsplan at kapasitetskrav og styrkemål skal prioriterast i strukturutviklinga. Dette er krav og mål som Noreg har vore med på å utarbeide for Alliansen generelt, og for Noreg spesielt. Det er vidare ei målsetjing at Noreg skal gje meningsfylte bidrag som sikrar at vi tek vår rettferdige del av byrdene som fell på dei allierte.

Det vert truleg i åra framover ei hard prioritering innanfor NATO på dei områda som er knytte til dei fellesfinansierte ressursbehova på drifts- og investeringssida, militærbudsjettet og investeringsprogrammet for tryggleik. Budsjetta for NATO si fellesfinansiering har i fleire år vore under aukande press. Den viktigaste grunnen er at fleire sentrale land i Alliansen ikkje har vore viljuge til å auke budsjetta nemneverdig.

Forsvaret si *øvingsverksemd* skal bidra til å setje freds- og krigsorganisasjonen i stand til å løyse dei oppdraga han i fred, krise og krig kan bli stilt overfor. Øvingane styrkjer evna til å operere saman med allierte styrkar. Dette er viktig både for å kunne ta imot allierte forsterkingar og for Forsvaret si evne til å delta i internasjonale operasjonar. Dette gjev samstundes NATO auka slagkraft og fleksibilitet.

Som følge av auka omstilling i forsvaret var det i 2002 færre prioriterte øvingar enn vanleg. NATO-øvinga Strong Resolve var den høgast prioriterte feltøvinga i 2002. Øvinga vart gjennomført i Noreg og i Polen. Det overordna målet med

Strong Resolve var å øve NATO si evne til å handtere to parallelle kriser; ein krisehandteringsoperasjon og ein såkalla artikkel 5-situasjon, noko som inneber at eit medlemsland har vore utsett for åtak.

Deltaking i Afghanistan og andre internasjonale operasjonar førte til at nivået på alliert trening og øving i Noreg vart lågare enn planlagt i 2002. Det er ei målsetjing å leggje til rette for auka alliert øving og trening i Noreg. Øving og trening i Noreg er viktig for å gjere allierte styrkar i stand til å operere i dei krevjande klimatiske og topografiske forholda som kjenneteiknar Noreg.

Det er brei semje om at behova til Alliansen skal stå i sentrum for *forsvarsmateriellsamarbeidet* i NATO. Samarbeidet skal primært medverke til å oppfylle behov som fleire land deler, og som best kan løysast i fellesskap. Individuelle nasjonale ønske kjem dermed meir i bakgrunnen enn før. I Praha vart det vedteke å gjennomføre nasjonale og multinasjonale tiltak for å utvikle NATO si militære evne innanfor dei mest kritiske områda. Ei viktig rettesnor for dette materiellsamarbeidet har vore Prahatilsegna om kapasitetar. Av dei viktigaste tiltaka er luftboren bakkeovervaking og strategisk luft- og sjøtransport. Fleirnasjonale samarbeidsordningar skal vektleggjast.

Tilpassinga av Alliansen aukar behovet for informasjon om dei nye oppgåvene. Norske styresmakter sitt *informasjonsarbeid* i høve til NATO vert i stor grad kanalisert gjennom Den norske atlanterhavskomiteen og Folk og Forsvar. Atlanterhavskomiteen har i 2002 retta fokus mot konsekvensane av terrorangrepa i USA, utvidinga av NATO og omstillinga i det norske forsvaret, medan Folk og Forsvar har fokusert på spørsmål om NATO si nye rolle.

3.6 Rustingskontroll

Arbeidet i Alliansen med rustingskontroll og nedrusting har i 2002 vore prega av spørsmålet om utplassering av rakettforsvar. Etter bortfallet av ABM-avtalen ønskte USA å trekkje allierte og andre interesserte land meir med i prosessen gjennom konsultasjonar bilateralt og i Alliansen. Dette har vorte positivt motteke, og NATO har

fatta viktige vedtak om å greie ut spørsmålet vidare. Uroa for at USA si einsidige oppseiing av ABM-avtalen skulle gje negative konsekvensar for arbeidet med nedrusting, har ikkje slått til.

Arbeidet med å få på plass føresetnadene for at Den tilpassa avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen) kan ratifiserast, er blitt intensivert. Dei allierte er no samde om at storleiken på Russland sine utplasserte styrkar ligg under dei styrketak som avtalen tillet. Ein forventar likevel òg at Russland trekkjer tilbake styrkar dei har utplassert i Georgia og Moldova. Først då vil føresetnadene for vestleg ratifikasjon vere innfridde.

Avtalen om opne luftrom tredde i kraft 1. januar 2002. Noreg deltek aktivt i denne, og har utført flygingar med fotoutstyr over fleire land. Flygingar over Russland har høgast prioritet for Noreg.

3.7 Samarbeid om sivil beredskap

Det sivile kriseplanleggingsarbeidet i NATO reflekterer òg endringane i trusselbiletet. Særleg etter terroranslaga mot USA i 2001 har kriseplanleggingsarbeidet prega arbeidet med sivil beredskap. Sivil beredskap var eit prioritert område på toppmøtet i Praha, og har òg ein sentral plass i det nye NATO-Russland-rådet. Det vart etter eit norsk forslag oppretta ei eiga ad-hoc-gruppe for sivil beredskap under NRC.

I samanheng med fremlegginga av ein eigen handlingsplan for beredskap i høve til masseøydeleggingsvåpen har Noreg hatt ansvaret for den delen av planen som omfattar vern av sivilbefolkninga. Noreg har teke initiativ til å utarbeide eit grunnlagsdokument med minimumsstandardar når det gjeld utstyr, opplæring og prosedyrar. Prosjektet har vore utført i samarbeid med svenske og finske styresmakter. Det vert teke sikte på å leggje fram eit endeleg resultat i april 2004. Formålet med dette arbeidet er å styrkje partnarlanda si evne til å gje kvarandre assistanse for å verne sivilbefolkning mot truslar frå masseøydeleggingsvåpen. Dette er det første initiativet som er teke på sivil side i NATO for å auke landa si evne til samarbeid.

4 Europeisk trygging- og forsvarspolitik

4.1 ESDP og tilhøvet mellom NATO og EU

Etter at utviklinga av eit strategisk samarbeid mellom NATO og EU langt på veg hadde stått stille i tre år, kom det til eit gjennombrot under tingingane på EU-toppmøtet i København 13. desember 2002. Det vart funne ei løysing som opna for at ein kunne setje ut i livet dei såkalla Nice-vedtaka om deltakarerettane til Noreg og dei fem andre europeiske NATO-landa som ikkje er med i EU. Dette la i sin tur eit grunnlag for vedtak i NATO sitt råd same dagen om å gje støtte til krisehandteringsoperasjonar planlagde og leidde av EU, den såkalla Berlin pluss-agendaen.

EU vil etter dette få automatisk tilgang til NATO sitt militære planleggingsapparat. NATO vil måtte tilpasse sitt eige apparat for forsvarsplanlegging til dei nye behova og gje støtte til EU-leidde operasjonar i dei tilfella der Alliansen ikkje sjølv er engasjert. Dei allierte har erklært si fulle støtte til utviklinga av den europeiske pilaren i NATO.

EU vil ha permanente konsultasjonar på politisk og militært nivå med dei seks europeiske NATO-medlemmene som ikkje er med i unionen. Dei seks landa skal ha full rett til å ta del i alle EU-leidde operasjonar som går føre seg med bruk av ressursar frå NATO. Dei kan òg verte inviterte til EU-operasjonar som går føre seg utan bruk av NATO-ressursar. Dette inneber deltaking i førebuinga av militære planar og deltaking ved dei militære hovudkvartera som utfører operasjonane.

For å gje dei seks, og andre tredjeland som tek del i EU-operasjonar, høve til å følgje utviklinga, skal det opprettast ein deltakarkomiteé for kvar einskild operasjon. Deltakarkomiteen vil ha det daglege ansvar for å følgje operasjonane, medan EU skal ha den overordna politiske og strategiske kontrollen.

For Noreg vert det i tida som kjem viktig å arbeide for at det vert etablert rutinar og prosedyrar som gjer det mogleg å følgje EU sin trygging- og forsvarspolitik i det daglege. Ein vil òg søkje å sikre seg tilstrekkeleg innsyn i og innverknad på

planlegginga og gjennomføringa av EU-leidde operasjonar der Noreg deltek. Mellom anna arbeider ein frå norsk side med få tettare kontakt med EU sin militære stab.

Då EU tok over ansvaret for politistyrken i Bosnia 1. januar 2003, vart land utanfor EU òg inviterte til å delta. Noreg deltek såleis med seks politifolk og to sivile rådgjevarar. Nesten umiddelbart etter gjennombrotet under toppmøtet i København i desember starta EU planlegginga for å ta over den NATO-leidde operasjonen i Makedonia. Frå NATO si side har det vore ein del misnøye med manglande informasjon frå EU i den innleiande planleggingsfasen. Det er blitt påpeika at EU ikkje har følgd dei prosedyrar ein har blitt samde om for å handtere ein slik overgangsfase. For Noreg og dei andre allierte ikkje-EU-landa har det vore viktig å sjå til at desse landa sine interesser vert varetekne på ein tilfredsstillande måte, og at dette kan danne presedens for liknande prosessar i framtida.

Parallelt med den meir prinsipielle debatten om EU sin tilgang til NATO-ressursar, tok ein opp igjen arbeidet med overføring av delar av NATO sine krisehandteringsoperasjonar på Balkan til EU. På toppmøtet i København sa EU at dei i prinsippet òg var klar til å ta over operasjonane i Bosnia.

I og med desembervedtaka har dei to organisasjonane teke eit stort og viktig steg framover i eit arbeid som i røynda har gått føre seg sidan NATO-toppmøtet i Washington i 1999. Siktemålet har vore å utvikle eit strategisk samarbeid og ei funksjonell arbeidsdeling mellom dei to organisasjonane. Gjennom å stille NATO sine kollektive ressursar til rådvelde for EU kunne ein oppnå optimal utnytting av ressursar og unngå unødig dobbeltarbeid og duplisering av strukturar. Eit tett samvirke mellom NATO og EU vil styrkje det internasjonale samfunnet si totale evne til krisehandtering.

For Noreg er eit tettast mogleg samarbeid mellom NATO og EU av høg interesse. Vedtaka i desember var eit stort og viktig steg framover. Noreg hadde allereie sagt seg tilfreds med vedtaka om deltakarrettar for dei seks europeiske

NATO-landa på EU-toppmøtet i Nice, og hadde streka under at ein så snart som mogleg måtte få på plass eit forpliktande tryggingsspolitisk og operasjonelt samarbeid mellom NATO og EU.

Ei ny arbeidsdeling er etter norsk syn ein viktig føresetnad for å bevare eit aktivt amerikansk engasjement i Europa, og for å bevare NATO som det sentrale organet for euroatlantisk tryggleik. Noreg meiner det nye samarbeidet mellom NATO og EU må tuftast på framleis tett transatlantisk samband og amerikansk nærvær i Europa. Dette må òg omfatte deltaking i operasjonar. Ein må vidare unngå at dei einskilte EU-landa lèt den direkte kontakten med USA gå framom kontakten innanfor Alliansen. Ei marginalisering av NATO som forum for konsultasjonar og samarbeid vil gjere skade på norsk tryggleik.

Men Noreg har òg lagt vekt på at dei europeiske allierte tek over ein større del av byrda for eigen tryggleik. Denne haldninga vart understreka ved at Noreg heldt fram med si deltaking då politioperasjonen i Bosnia vart ført over frå FN til EU. For Noreg er det såleis svært viktig at vi fekk tilgang til samarbeid og politiske og militære konsultasjonar med EU frå dag til dag. Dette måtte etter norsk syn omfatte både det reelle innhaldet i dei militære samarbeidsordningane og ei avklaring av statusen for dei bidrag som Noreg hadde meldt inn til EU. Frå norsk side vart det såleis overfor EU lagt stor vekt på at vår deltaking ikkje måtte avgrensast til konkrete operasjonar. Eit samarbeid i fredstid måtte omfatte både generisk planlegging av EU-leidde operasjonar og EU si styrke- og forsvarsplanlegging. Frå norsk side vart det i den samanheng streka under at slik tett kontakt var ein føresetnad for å kunne tilpasse våre eigne bidrag til dei behov EU identifiserte.

Eit spørsmål som òg vil komme opp, er utviding av samarbeidet ut over det reint militære. Særleg terroråta mot USA i 2001 har vist at mange av dei nye utfordringane ikkje kan møtast med tradisjonelle militære middel. Ein må òg nytte tiltak innan til dømes sivil beredskap, for mellom anna å tryggje sivilbefolkninga mot effektane ved bruk av masseødeleggingsvåpen. I tråd med eiga vektlegging av det utvida tryggingssomgrepet, har Noreg lagt stor vekt på ei utviding av samarbeidet mellom NATO og EU ut over det reint militære. Det er likevel liten tvil om at det blant ein del EU-land er stor skepsis mot å opne for dette.

Samstundes må dei to organisasjonane etter norsk syn avklare forholdet sitt til dei landa som ikkje er medlemmer av begge organisasjonane.

Det må vere substans i deltakarordningane til dei seks allierte ikkje-EU-landa, og dei fire EU-landa må verte knytta tettare til NATO sitt arbeid for å støtte EU-leidde krisehandteringsoperasjonar. Frå norsk side vil det verte lagt stor vekt på ei avklaring av desse spørsmåla.

4.2 Situasjonen på Vest-Balkan

NATO heldt fram med operasjonane i Kosovo, Bosnia-Hercegovina og Makedonia, men med nedtrappa styrkenivå. Noreg valde å konsentrere innsatsen i Kosovo. Frå norsk side er det lagt vekt på at styrkane må vere velorganiserte og talrike nok til å handtere den situasjonen som møter dei på bakken. USA har lagt stor vekt på at styrkenærværet på Balkan må rasjonaliserast, men har òg gjeve uttrykk for at ein vil stå solidarisk med andre allierte for å gjennomføre NATO sin innsats på Balkan. Omgrepet «inn saman, ut saman» har vore eit viktig signal til andre allierte om at USA ikkje vil gå til einsidige styrkereduksjonar på Balkan.

Hovudoppgåva for den NATO-leidde internasjonale fredsstyrken i *Kosovo* (KFOR) er framleis stabilisering av tryggleiken og assistanse til FN-administrasjonen UNMIK. Frå omlag 40 000 KFOR-soldatar i 2001 vart styrken i 2002 redusert til knappe 28 000. Frå norsk side har vi peika på at denne nedtrappinga må skje i takt med ei betring av tryggleiken i operasjonsområdet, og ikkje tvingast fram før situasjonen tillèt det. Dette gjeld i like stor grad for SFOR i Bosnia.

I tillegg til etnisk motiverte valdshandlingar og organisert kriminalitet, var KFOR sine største utfordringar handteringa av situasjonen i det nordlege Kosovo, i tillegg til å yte støtte til UNMIKs forsøk på å få reell kontroll over den serbisk-kontrollerte delen av byen Mitrovica. Trass i ei positiv utvikling vil det ta tid å skape eit klima i provinsen der dei ulike befolkningsgruppene kan leve og arbeide fredeleg saman mot felles mål. Det er stor internasjonal semje om at spørsmålet om endeleg status for Kosovo må vente.

Den organiserte kriminaliteten, med smugling av narkotika, våpen og menneske, er svært omfattande i Kosovo, og utgjer truleg den største interne trusselen mot tryggleiken i området. UNMIK og KFOR har gjort framsteg i det sivil-militære samarbeidet, og står no betre rusta i kampen mot desse utfordringane.

KFOR-innsatsen er framleis eit uunnverleg bidrag for å betre levevilkåra i Kosovo. Styrken er

breitt samansett med troppar frå eit trettitals allierte, partnerland og andre samarbeidsland. Personellet frå ikkje-allierte land utgjer under 20 prosent av den totale styrken. Den norske kontingenten i KFOR i 2002 utgjorde eit solid bidrag til operasjonen, og var med eit personell på om lag 800 blant dei største sett i forhold til folketal og militære ressursar. Den norske bataljonen er ein del av den fleirnasjonale brigaden i det sentrale Kosovo.

Situasjonen i *Bosnia-Hercegovina* er forholdsvis roleg, men sårbar. Stabiliseringsstyrken SFOR held fram med sitt arbeid, medan FN sitt politioppdrag, IPTF, ved årsskiftet vart teke over av EU. EUPM tel totalt over 900 tilsette, deriblant 500 politifolk frå EU sine medlemsland og tredjeland. Noreg har stilt med seks politimenn og to sivile politiske rådgjevarar, noko som er eit klart signal om norsk vilje til å støtte ei auka rolle for EU i europeisk tryggingsspolitikk.

På den sivile sida har det vore framsteg i arbeidet med å utvikle fungerande sivile institusjonar, retur av flyktningar og sivil oppbygging. Mellom-etnisk rivalisering, kriminalitet og manglande økonomiske framsteg er likevel klare utfordringar for den unge staten. Mykje gjenstår før ein kan tale om ein berekraftig fredsprosess. Dei største utfordringane er framleis retur av fordrivne personar til område der dei er i mindretal, ytterlegare reduksjonar i einingane sine væpna styrkar, auka effektivitet innanfor alle felles institusjonar, samarbeid mellom einingane, overføring av mistenkte krigsforbrytarar til domstolen i Haag, kamp mot korrupsjon og organisert kriminalitet, reformer

innanfor rettsvesen og politi og økonomisk reform.

Det nye tilhøvet mellom NATO og EU opnar for EU-overtaking av den militære operasjonen i Bosnia-Hercegovina i første halvdel av 2004. Frå norsk side er ein positiv til at EU får ei større rolle på Balkan, men vi ser det som svært viktig at det ikkje vert skapt situasjonar under overføringa av ansvaret som kan svekkje tryggleiken i landet.

Etter at spenninga mellom den slaviske og den albanske delen av befolkninga i *Makedonia* vart halden under kontroll på 90-talet, såg ein at væpna albansk ekstremisme fekk større oppslutning etter krigen i Kosovo. Framgangen til den kosovo-albanske geriljaen oppmuntra desse grupperingane til å søkje større rettar for det albanske mindretalet. EU fekk partane til å skrive under på ein fredsavtale, og ei samlingsregjering vart danna. Gjennom sterkt vestleg press lukkast ein likevel i å få partane til å skrive under ein rammeavtale som skulle bringe fred til landet gjennom å betre stillinga til det albanske mindretalet.

Avtalen bana vegen for ein NATO-leidd fredsoperasjon frå august 2001. Operasjonen bestod i 2002 av eit personell på noko over 400, og har som hovudoppgåver å verne dei internasjonale observatørane og å yte hjelp til styresmaktene sine forsvars- og tryggingsspolitiske reformer. Som følgje av gjennombrøtet i samarbeidet mellom NATO og EU vart dei to organisasjonane samde om at EU kunne overta operasjonen i Makedonia ved utgangen av mars 2003. Makedonias president sende i januar 2003 ein formell førespurnad til EU om å ta over operasjonen.

5 Vurderingar og framtidsperspektiv

2002 vart eit hendingsrikt år for NATO, der etableringa av NATO-Russland-rådet i mai, det velukka toppmøtet i Praha i november og gjennombrøtet i forholdet mellom EU og NATO i desember utgjorde høgdepunkta.

Utviklinga gjennom året har gjeve samarbeidet i NATO ny kraft. Oppfølginga av vedtaka frå Praha vil styrkje Alliansen som ein effektiv trygging- og forsvarspolitisk reiskap i møtet med dei nye utfordringane. Samstundes utgjør usemja som seinare har dukka opp i samband med Irak-spørsmålet og støtta til Tyrkia ei stor utfordring for Alliansen.

Opprettinga av NATO-Russland-rådet utgjør ein historisk sjanse til å knyte Russland, Europa og Nord-Amerika tettare saman ved forpliktande og effektivt samarbeid. Vi ser allereie at det nye samarbeidet mellom NATO og Russland verkar positivt inn på Noreg sitt eige tilhøve til naboen i aust. 2002 vart prega av ei konstruktiv og samarbeidsorientert tilnærming til bilaterale spørsmål, noko som særleg gav seg uttrykk under president Putin si vitjing i Oslo om hausten. Det er all grunn til å tru at denne utviklinga vil halde fram.

Utfordringa vert å fylle NATO-Russland-rådet med innhald. Arbeidsprogrammet for 2003 viser at ein er kommen eit langt stykke på veg, særleg når det gjeld Balkan, internasjonal terrorisme, ikkje-spreiing og forsvarsreform. Det er grunn til å håpe på at framgangen på desse områda vil medverke til betre samarbeid om handteringa av kjernefysisk materiale.

Støtta til NATO-Russland-rådet på russisk side har til no i stor grad vore størst hos president Putin og hans nærmaste medarbeidarar. Ei av utfordringane er å auke entusiasmen for samarbeidet nedover i det russiske systemet. Det vil vere viktig at samarbeidet gjev meirverdi for alle partar.

NATO si rolle som reiskap for europeisk integrasjon vert ført vidare. Forhandlingane om medlemskap for dei sju landa som vart inviterte i Praha går etter planen. Framgangen desse landa har vist gjennom Handlingsplanen for medlemskap, gjev òg grunn til forventingar når det gjeld utviklinga av stabilitet, demokratiske institusjonar

og rettsvesen i Kroatia, Albania og Makedonia. Ei liknande positiv utvikling som følgje av samarbeidet med NATO kan òg forventast i partnerlanda.

På grunn av arbeidet med utvidinga har tilhøvet til dei andre partnerlanda komme noko i bakgrunnen etter toppmøtet i Praha. Den største utfordringa i partnersamarbeidet er å verte samde om realistiske program og å følgje opp desse på ein måte som sørgjer for at interessa for og kvaliteten i samarbeidet kan haldast oppe både hos dei allierte og den einskilde partnar. Her kan Noreg framleis spele ei rolle som pådrivar, særleg i høve til samarbeidet med Finland og Sverige.

Oppfølginga av vedtaka frå Praha om militær omforming av Alliansen er i full gang. Når det gjeld NATO sin reaksjonsstyrke, vil ein etter alt å dømme ha ferdig eit samla konsept for den nye styrken til forsvarsministermøtet i juni 2003. Det største uteståande spørsmålet er å få på plass i tide dei kritiske kapasitetane som styrken vil vere heilt avhengig av. Dette går i stor grad på om arbeidet med kapasitetspakken går etter planen.

NATO si evne til omstilling og tilpassing har alltid vore organisasjonen sin styrke, og er avgjerande for at organisasjonen framleis skal spele ei sentral rolle. Oppfølginga av kapasitetstilsegna går framover, men framdrifta synest ikkje like stor som under toppmøtet i Praha. Press på forsvarsbudsjetta og avvegingar mellom nasjonale omsyn og omsynet til Alliansen, skaper uvisse om tempoet i oppfølginga. Dette gjeld òg innanfor dei fleirnasjonale samarbeidsløysingane, inkludert det norskleidde arbeidet med strategisk sjøtransport.

Arbeidet med ein ny kommandostruktur, inkludert lokalisering, går etter planen. Han vil venteleg verte vedteken på forsvarsministermøtet i juni. Det vil føre til at talet på permanente hovudkvarter vert redusert, noko ein vil merke i medlemslanda. Den politiske verknaden blir mellom anna at det synlege NATO-nærværet minkar.

Gjennombrøtet på EU-toppmøtet i desember førte til eit meir dynamisk og målretta samarbeid mellom NATO og EU. Ein ser no konturane av ein strategisk partnerskap som er til beste for europeisk tryggleik. Grunnlaget for EU si overtaking

av den NATO-leidde krisehandteringsoperasjonen i Makedonia er no lagt.

Denne utviklinga gjorde det òg mogleg å få på plass dei permanente deltakarordningane for dei allierte ikkje-EU-landa. Eit mål for Noreg er å kunne bidra til at EU byggjer opp si evne til effektiv krisehandtering. Norske styrkar er difor meldt inn til EU sitt styrkeregister. Samstundes ønskjer ein å ta aktivt del i både EU sine førebuingar og i konkrete operasjonar, og å sikre viktige norske interesser andsynes EU. Den store utfordringa for Noreg og dei andre allierte ikkje-EU-landa vert då å sikre at ordningane for kontakt med EU sine sivile og militære strukturar vert fylte med substans. Det krev full utnytting av deltakararrangementa, og ikkje minst aktiv og synleg deltaking i EU-leidde militære operasjonar.

Semja om EU sin bruk av NATO-ressursar legg forholda til rette for eit forpliktande tryggingsspolitisk og operasjonelt samarbeid mellom NATO og EU. Ein bør likevel ikkje ta for gitt at det framtidige samarbeidet mellom dei to organisasjonane vert uproblematisk. Erfaringar sidan desember 2002 viser at det gjenstår mykje før NATO og EU har funne fram til ei effektiv og rasjonell samarbeidsform der ein kan byggje på det beste frå begge organisasjonane.

På europeisk side har ein lagt vekt på at USA må ta tilstrekkeleg omsyn til synspunkta til sine allierte. Alle allierte er klar over at USA på grunn av si overlegne militære slagkraft vil vere den leiande makta i Alliansen. Det aukande militære gapet over Atlanterhavet underbyggjer dei militære og politiske skilnadene. USA er ikkje berre talmessig og teknologisk overlegent. Også den militære tankegangen vert påverka av dette, mellom anna med omsyn til korleis militære operasjonar skal gjennomførast. Dersom dei europeiske allierte ikkje heng med i den teknologiske utviklinga, vil det verte stadig vanskelegare å operere saman med amerikanske styrkar, sjølv med omsyn til forsvar av eige territorium.

Eit halvt hundreår med NATO-medlemskap, og fleire hundreår med kulturelt og økonomisk samkvem, knytter den transatlantiske verda saman. Det er heller ikkje noko nytt at tilhøvet

mellom USA og nokre av dei største europeiske allierte er prega av ulike syn på viktige og prinsipielle saker. For NATO er det likevel viktig at ein til slutt finn fram til felles løysingar. Dette føreset at alle medlemmer legg avgjerande vekt på det som bind landa saman, særleg verdigrunnlaget Alliansen er bygd på.

Etter kvart som EU tek over meir av ansvaret for krisehandtering og tryggleik i Europa, kan NATO verte noko mindre synleg. Oppslutninga om Alliansen vil i såfall i mindre grad kunne takast for gitt, etter som truslane mot tryggleiken vår vert mindre klåre, og må møtast lengre unna vårt eige territorium.

Kollektivt forsvar, slik det er nedfelt i artikkel 5 i Washingtontraktaten, vil framleis vere ei oppgåve for NATO. Men utviklinga i EU må følgjast nøye. Under arbeidet med EU sitt konvent har einskilde land mellom anna ytra ønske om å opprette ein europeisk tryggingss- og forsvarsspolitisk union. Ei særskild utfordring er at Noreg sine noverande konsultasjonsordningar med unionen blir svekte når dei inviterte landa set seg på EU-sida av bordet. Desse møta vil ha enda mindre eigenverd for EU enn dei har i dag. Difor er det naudsynt å styrkje dei bilaterale konsultasjonane mellom Noreg og EU-landa.

Som ikkje-medlem av EU vil det vere avgjerande for Noreg at NATO òg i framtida er det sentrale organet for både forsvars- og tryggingsspolitiske konsultasjonar mellom dei allierte. Utfordringa for Noreg vert difor å bidra til ein mest mogleg effektiv allianse, samstundes med at vi gjennom aktiv deltaking i EU sine avgjerdsstrukturar og operasjonar sikrar at våre interesser blir varetekne på ein god måte også innanfor ei EU-ramme.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2003 om samarbeidet i Atlanterhavspakt-organisasjonen i 2002 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Sluttkommuniké frå utanriksministermøtet i Det nordatlantiske rådet i Reykjavik 14. mai 2002

1. Sidan 11. september har NATO i praksis følgt opp hovudtilsegnene om avskrekking og forsvar mot alle truslar om angrep på eit medlemsland i NATO, slik artikkel 5 og 6 i Washington-traktaten føreset. Landa våre medverkar, som individuelle allierte, til kampen mot terrorisme i Afghanistan. Alliansen og medlemslanda spelar si rolle fullt ut i det pågåande felttoget mot terror, og stadfester med dette at NATO spelar ei nøkkelrolle i trygginga av det euroatlantiske området, også mot nye truslar. Alliansen, som står som uttrykket for dei transatlantiske banda som knyter Nord-Amerika og Europa til kvarandre i eit unikt forsvars- og tryggingssfellesskap, må og vil halde fram med å tilpasse seg for å vere betre rusta til å utføre sine grunnleggjande tryggingssoppgåver og å gjere heile det euroatlantiske området trygare. Vi vil føre intensiverte samråd om denne tilpassingsprosessen, og ser fram til møtet mellom stats- og regjeringssjefane våre i Praha i november som eit avgjerande steg på vegen mot dette målet.
2. Som førebuing til Praha-toppmøtet har vi i dag gjeve rettleiing om utviklinga av livsviktige nye kapasitetar, om utvidingsprosessen i NATO, om opprettinga av eit nytt tryggingssforhold til Russland og om utviklinga av tilhøvet vårt til Ukraina og alle andre partnarar. Vi har òg stadfesta NATO-engasjementet for eit fredeleg, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa og for utviklinga av eit nært og effektivt tilhøve mellom NATO og Den europeiske unionen.
3. Vi seier oss på ny fast bestemte på å kjempe mot terrortrusselen så lenge det er nødvendig. Terrorhandlingar kan ikkje forsvarast på nokon måte. I pakt med tilsegnene i Washington-traktaten vil vi halde fram med å styrkje dei nasjonale og kollektive ressursane vi har til å forsvare eigne befolkningar, territorium og styrkar mot alle væpna åtak, også terroriståtak, som vert retta mot oss utanfrå. Vi erkjende denne utfordringa i det strategiske konseptet som vart vedteke på toppmøtet i Washington i 1999, der vi gjorde det klart at eit væpna åtak på territoriet til dei allierte, same kvar frå, ville falle inn under artikkel 5 i Washington-traktaten, og der vi skilde ut terrorismen som ein risiko mot tryggingssinteressene til Alliansen. Å svare på denne utfordringa er grunnleggjande for tryggleiken vår. Alt vi gjer for å møte denne utfordringa vil vere i pakt med våre eigne vedtak og fullt ut i tråd med det vi har forplikta oss til i folkeretten og relevante føresegner i FN-charteret og nasjonal lovgjeving.
4. Landa våre samarbeider òg om å stå rusta mot trusselen ved ein eventuell bruk av masseøyleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen, også om dei skulle bli brukte av terroristar. Nedrusting, rustingskontroll og ikkje-spreiing er sentrale bidrag til å hindre bruk av masseøyleggingsvåpen, saman med avskrekking og forsvar. Alliansen arbeider med forslag om å utvikle livsviktige forsvarsmiddel mot biologiske og kjemiske våpen. Vi legg òg vekt på å styrkje rolla til NATO-senteret for masseøyleggingsvåpen i den internasjonale staben. Vi vil også arbeide vidare med alle moglege alternativ for skaffe oss auka evne til å yte støtte, når vi blir bedne om det, til nasjonale styresmakter i arbeidet for å verne sivilbefolkningar mot verknadene av eventuelle terroriståtak, og samarbeider med partnarane våre på dette feltet idet vi tek omsyn til dei ulike idear og initiativ som blir lagde fram. Vi sonderer utsiktene for utvida samarbeid med Den europeiske unionen på dette feltet. Saman med forsvarsskollegaene våre held vi på å utarbeide eit sett forslag som skal vere klart til toppmøtet i Praha og som skal styrkje desse evnene.
5. For å kunne utføre alle sine oppdragstypar må NATO kunne mobilisere styrkar som fort kan forflyttast dit dei trengst, som kan gjere teneste langt borte og over lang tid og som er skikka til å løyse oppgåvene dei blir sette til. Dette krev at det blir utvikla nye og balanserte evner innanfor Alliansen, mellom anna strategisk transport og moderne angrepsevner, slik

at NATO meir effektivt kan stå samla mot ein eventuell trussel om angrep på ein medlemsstat. Vi ser fram til at forsvarsministrane skal vedta konkrete tilrådingar om utvikling av nye evner, som stats- og regjeringssjefane så vil ta stilling til under toppmøtet i Praha.

6. På toppmøtet i Praha i november i år vil stats- og regjeringssjefane våre starte den nye omgangen med utviding av NATO. Dette vil stadfeste at Alliansen framleis stiller seg open for nye medlemmer, og auke tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi fekk i dag framlagt ein samla framdriftsrapport om resultata av den tredje syklusen i Handlingsplanen for medlemskap (MAP). Vi gratulerer alle kandidatland med framgangen dei hittil har gjort i retning av å nå måla som er sette i handlingsplanen. Stats- og regjeringssjefane går ut frå at inviterte land vil ha demonstrert oppslutnad om dei grunnleggjande prinsippa og verdiane som er nedfelte i Washington-traktaten, evne til å bidra til fellesforsvaret og alle oppdragstypene til Alliansen, ein fast vilje til å bidra til stabilitet og tryggleik, særleg i område med krise og konflikt, og at dei viser vilje og evne til å ta på seg det ansvaret medlemskap medfører. Vi oppmuntrar alle kandidatland til å auke innsatsen i månadene framover og å halde fram med dette, ikkje berre til Praha-møtet, men òg i åra som kjem.
7. Vi forpliktar oss til vidare samarbeid med kandidatlanda for å hjelpe dei til å nå den framgangen dei må ha gjort for å bli inviterte til medlemskapsforhandlingar i Praha. MAP-syklusen for 2002-2003, som vi presenterte i dag og som går fram til våren 2003, vil omfatte alle dei noverande deltakarlanda og bli skreddarsydd etter deira individuelle behov. Vi ser fram til at individuelle nasjonale årsplanar skal bli lagde fram til hausten. Også etter Praha vil MAP vere tenleg både for kandidatland og land som blir inviterte til å gå inn i medlemskapsforhandlingar med Alliansen.
8. Som i Madrid har vi til mål at alle inviterte land skal ble tekne opp på ein felles dato før neste toppmøte. Etter Praha forventar vi at inviterte land framleis kjem til å delta i MAP. Opp-taksprosessen vil ta omsyn til arbeid som er gjort i samband med MAP, og MAP vil bli brukt til å hjelpe inviterte land med å bli integrerte i alliansestrukturane. Under opptaksforhandlingane og på grunnlag av det nasjonale årsprogrammet til eit invitert land vil NATOs ekspertteam, på grunnlag av ei politiske rettleiing som

vert å utarbeide, føre drøftingar med inviterte land enkeltvis om konkrete spørsmål og reformer der vidare framgang vil vere forventet av dei og før og etter opptak for at dei skal kunne yte eit større bidrag til Alliansen. Desse vil bli valde ut på grunnlag av eksisterande MAP-målssetningar, partnerskapsmål og andre spørsmål utpeika av allierte og integrasjonsspørsmål som militærstyresmaktene i NATO peikar ut. Det bør fastsetjast ein timeplan for fullføring av desse reformene, også for slike som først kan ventast å bli realiserte etter opptaket. Denne timeplanen bør komme til uttrykk i eit revidert nasjonalt årsprogram. Vi ser fram til nye tilsegner frå inviterte land som ledd i denne prosessen. Vi ser fram til at dei individuelle tiltretingsprotokollane skal bli underteikna seinast under møtet vi skal ha våren 2003. Inviterte land vil delta i påfølgjande MAP-syklusar til ratifikasjonsprosessen er ferdig.

9. Kroatia får ros for sin framgang i reformarbeidet, der landet til fulle har nytta seg av tilboda i Partnerskap for fred (PFP), Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) og den intensiverte dialogen. Vi forventar at Kroatia vil halde fram med å gjere sitt for stabilitet på Balkan. Vi helse velkommen den kroatiske deltakinga i MAP og inviterer landet til å leggje fram sitt første nasjonale årsprogram til hausten, og ser fram til å vurdere Kroatias framgang på møtet vi skal ha til våren.
10. NATO gjennomfører interne førebuingar for å stå klar til å ta opp nye medlemmer. Det faste rådet får i oppdrag å utarbeide ein omfattande rapport om dei relevante faktorane i tilknytning til utvidingsvedtak, som stats- og regjeringssjefane vil få til vurdering i Praha. Dette arbeidet vil bli utført i tråd med politiske retningslinjer frå Rådet, og vil ikkje innebære vilkår eller vedtak med omsyn til nye medlemmer.
11. Vi helse velkommen den målretta og markante utdjupinga av forholdet mellom NATO og Russland, som er eit historisk steg på vegen mot eit trygt, samarbeidsbasert og demokratisk euroatlantisk område, som lenge har vore målet for Alliansen. Vi ser fram til at Fellesrådet NATO-Russland (PJC) i ettermiddag skal godkjenne dokumentet om oppretting av NATO-Russland-rådet, der NATO-medlemsland og Russland skal samarbeide på like fot på område av felles interesse, utan at NATO skal gje avkall på retten til å handle sjølvstendig. Dokumentet vil ble vedteke og underteikna under skipingsmøtet for rådet, som skal hal-

- dast under eit toppmøte mellom stats- og regjeringssjefar i Roma 28. mai. Vi er visse på at opprettinga av rådet vil gjere partnerskapen med Russland meir dynamisk og konkret og vere ein viktig etappe på vegen mot eit stabilt, fredelig og udelt Europa, som er målet for begge partar og som er nedfelt i Grunnakta NATO-Russland. Eit møte i NATO-Russland-rådet på stats- og regjeringssjefnivå i Praha ville vere eit godt høve til å ta eit oversyn over det nye forholdet mellom dei to partane.
12. Vi støttar Russlands rett til å verne om sin territoriale integritet, og erkjenner at landet har ansvar for å verne alle sine borgarar mot terrorisme og kriminalitet. Vi oppmodar Russland om å finne ei snarleg og varig løysing på konflikten i Tsjetsjenia, og å respektere og verne om menneskerettane og rettstryggleiken til befolkninga. Vi ber den tsjetsjenske sida om å samarbeide i god tru for å finne ei politisk løysing på konflikten og å fordømme og motarbeide terrorismen.
 13. Vi merkjer oss at Ukraina går sterkt inn for full euroatlantisk integrasjon. Vi oppmuntrar Ukraina til å gjennomføre dei reformer som trengst for å oppnå dette, og står klar til å yte vidare hjelp på dette området. I samband med dette har vi bestemt oss for å gjere partnerskapen med Ukraina meir dynamisk og konkret. Med sikte på dette har vi bede Det faste rådet om å utarbeide nye mekanismar og nærare reglar på grunnlag av charteret om ein eigen partnerskap og såleis løfte forholdet vårt opp på eit kvalitativt nytt nivå. Vi ventar at dette forholdet vil bli utdjupa og utvida, mellom anna gjennom intensivert samråd og samarbeid innan politikk, økonomi og forsvar. I samband med dette ser dei allierte fram til eit møte i NATO-Ukraina-kommisjonen på stats- og regjeringssjefnivå under toppmøtet i Praha.
 14. Sidan 11. september har vi fått stadfesta kor viktige partnerskapane med NATO er for tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi ser fram til eit nytt og meir konkret forhold til partnarane, der vi samarbeider endå tettare om å svare på nye trygging utfordringar, også terrorisme. På bakgrunn av dei tryggingsspolitiske endringane som skjer, er Det euroatlantiske partnerskapsrådet og Partnerskap for fred i gang med å tilpasse seg for å halde fram som verdifulle og effektive forum. Vi har bede Det faste rådet om å føre tilsyn med partnerskapane med sikte på å leggje fram for stats- og regjeringssjefane i Praha konkrete forslag til korleis EAPC og PFP kan vidareutviklast for å tene dei allierte og partnarane betre som hjelpemiddel til å møte utfordringane i det 21. hundreåret. Vi ser fram til møtet i EAPC på stats- og regjeringssjefnivå i Praha.
 15. Vi har vedteke å oppgradere den politiske og praktiske dimensjonen i Middelhavs-dialogen, mellom anna ved å rådføre oss med middelhavspartnarane våre i tryggingsspørsmål av felles interesse, eventuelt også i terrorrelaterte saker. Dette arbeidet vil ta sikte på å føre middelhavspartnarane endå nærare NATO og å setje ny fart i dialogen innan toppmøtet i Praha.
 16. Vi står fast på å få i stand eit tett, ope og konsekvent tilhøve mellom NATO og EU. Fellesinnsatsen på Balkan har gagna freden og stabiliteten i regionen og vist at nært samarbeid byr på store fordelar. Hendingane den 11. september har vist kor viktig det er at dei to organisasjonane samarbeider tettare i spørsmål av felles interesse innan tryggleik, forsvar og krisehandtering, slik at kriser kan møtast med mest mogleg effektive militære reaksjonar og effektiv krisehandtering kan sikrast. Viktig arbeid står att å gjere når det gjeld NATO-støtte til EU-leidde operasjonar i tråd med vedtaka under NATO-toppmøtet i Washington i 1999 og seinare ministermøte. Vi er som før bestemte på å gjere framgang på alle dei ulike områda av tilhøvet, og merkjer oss behovet for å finne løysingar som kan tilfredsstille alle allierte i spørsmålet om høve for europeiske allierte utanfor EU til å delta. Vi gler oss over ny framgang i arbeidet med å avklare nærare reglar for samråd mellom EU og Canada og for kanadisk deltaking i EU-leidde operasjonar.
 17. Vi står fast på å arbeide for eit fredelig, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa, og stadfester vår oppslutnad om territorial integritet og suverenitet for alle landa i regionen. Nærværet av NATO-leidde styrkar viser i praksis at vi står fast på å motarbeide all vald, enten motivet er etnisk, politisk eller kriminelt, og på å styrkje fred, toleranse, rettsstatleg styre og demokratiske institusjonar i regionen. I samarbeid med partnarane våre i SFOR og KFOR og andre internasjonale institusjonar vil vi arbeide vidare for regional forsoning og samarbeid, vern om rettane til medlemmer av alle etniske grupper og minoritetar, tillitsskapande tiltak og ei varig løysing på problemet med flyktningar og fordrevne. Vi engasjerer oss aktivt innan grensekontroll og tiltak mot smugling, og stadfester det viktige i ein breiare innsats i desse spørsmåla.

18. På bakgrunn av oppnådde resultat i arbeidet med å få i stand ein varig og sjølvopphaldande fred har vi gått gjennom status for NATO-operasjonane på Balkan. Forsvarskollegaene våre vil ta føre seg gjennomføringa av ei styrkeomlegging som tek omsyn til ei meir regional tilnærming og siktar mot å rasjonalisere det militære NATO-nærværet etter kvart som sivile styresmakter tek over. Fullt samarbeid med den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) har framleis høg prioritet. Alle som er tiltala for krigsbrotsverk av ICTY må stillast for retten i Haag.
19. Vi står fast på å støtte arbeidet for tryggleik og stabilitet i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia¹. NATO yter sitt bidrag til tryggleiken ved å støtte kontrollørane frå EU og OSSE gjennom Task Force Fox. Vi er oppmuntra over framgangen i gjennomføringa av rammeavtalen frå Ohrid, og strekar under at vedtaking av resterande lovverk i tilknytning til avtalen og gjennomføring av frie val i september til saman vil utgjere eit viktig steg mot fred og stabilitet.
20. Vi forpliktar oss til å arbeide for ein sjølvopphaldande fred i Bosnia-Hercegovina, i fullt samsvare med prinsippa i den generelle rammeavtalen, og ber dei lokale styresmakterne i landet ta større sjølvstendig ansvar for gjennomføringa av Daytonavtalen. Vi støttar sterkt opp om arbeidet til SFOR og ICTY med å pågripe og rettsforfølge personar som er tiltala for krigsbrotsverk. Her minner vi om at statseiningane har hovudansvaret for å stille slike personar for retten, og ber dei samarbeide meir effektivt med SFOR med tanke på dette. Vi ser fram til vala i haust som eit viktig steg i retning av eit sameint, multietnisk og demokratisk Bosnia-Hercegovina.
21. Vi ser fram til å vidareutvikle tilhøvet mellom Alliansen og Den føderale republikken Jugoslavia (FRY), og forventar snarleg gjennomføring av semja mellom Serbia og Montenegro om å omdefinere tilhøvet seg imellom. Vi gler oss over at FRY er interessert i å bli med i PFP, og ser fram til å samarbeide med leiinga i FRY om å oppnå den framgangen som er nødvendig for å kunne bli med i PFP. Fullt og vedvarande samarbeid med ICTY, demokratiske reformer og kontroll med det militære, i tillegg til fullstendig og open gjennomføring av fredsavtalen frå Dayton, er avgjerande for eit djupare forhold til Alliansen.
22. Med omsyn til Kosovo forpliktar vi oss framleis til full gjennomføring av Tryggingrådet's resolusjon 1244 og gler oss over opprettinga av mellombels sjølvstyreinstitusjonar med representantar for alle folkegrupper. Vi ber dei mellombels institusjonane og leiarane for folkegruppene ta på seg sine oppgåver og samarbeide fullt ut med UNMIK, KFOR og det internasjonale samfunnet om å fremje eit fredeleg, multietnisk, multikulturelt og demokratisk Kosovo. Vi ser fram til lokalvala i Kosovo til hausten som eit nytt og viktig steg mot eit fredeleg, multietnisk, multikulturelt og demokratisk Kosovo der alle borgarar, utan omsyn til etnisk opphav eller religion, kan leve fredeleg og trygt og nyte godt av universelle menneskerettar og fridommar på likeverdig grunnlag, mellom anna ved å delta i demokratiske institusjonar.
23. Alliansepolitikken med støtte til rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing vil framleis spele ei hovudrolle i å oppnå tryggingsmålsettingane til Alliansen. Vi vil framleis arbeide saman om å tilpasse Alliansens omfattande strategi i takt med truslane som følgjer med spreiging av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen, ved hjelp av ein eigna kombinasjon av politisk og forsvarsmessig innsats. Innsatsen på dette området må vere i pakt med den udelelege alliansetryggleiken. Alliansen strekar under det viktige i å etterleve og styrkje eksisterande multilaterale ikkje-spreings- og eksportkontrollregime og internasjonale avtalar om rustingskontroll og nedrusting. Vi vil framleis bidra aktivt til utviklinga av avtalar og tiltak på dette området og streve mot ytterlegare nedrusting, innsyn og tillits- og tryggingsskapande tiltak. I samband med dette gler vi oss over semja mellom Russland og USA om å underteikne ein avtale om å redusere talet på utplasserte kjernefysiske stridshovud til mellom 1 700 og 2 200. Vi står fast på å medverke til gjennomføring av konklusjonane frå tilsynskonferansen for avtalen om kjernefysisk ikkje-spreiing i 2000, og helse velkommen den grundige diskusjonen om spørsmål under den førebunde konferansen for tilsynskonferansen i 2005 som vart halden i april 2002. Vi støttar òg det pågåande arbeidet med å komme fram til ein internasjonal kodeks mot spreiging av ballistiske rakettar innan utgangen av 2002. Rustingskontroll, nedrus-

¹ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn.

ting og ikkje-spreiing, saman med avskrekking og forsvar, spelar ei avgjerande rolle i å sikre seg mot desse nye truslane og utfordringane. I denne samanhengen vert den moglege rolla til rakettforsvar aktivt vurdert etter som vi går vidare i konsultasjonane med USA i dette spørsmålet. I samband med dette gler vi oss over arbeidet som pågår i NATO om regionalt rakettforsvar.

24. Når det gjeld Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE-avtalen), helser vi velkommen erklæringa frå Den russiske føderasjonen i desember om at mengdene av materiell og utstyr no ligg innanfor avtala nivå. Vi oppmuntrar Russland til å auke samarbeidet med NATO slik at denne påstanden kan verifiserast

snarast råd. Ratifikasjon av Den tilpassa avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa kan likevel ikkje komme på tale utan at alle avtalepartane oppfyller alle avtala grenser, og berre i pakt med tilsegnene i CFE-sluttakta. Vi oppmodar sterkt om ei snarleg løysing på uavklara spørsmål i samband med Istanbul-krava, mellom anna om Georgia og Moldova. Vi erkjenner verdien av CFE-avtalen som bidrag til tryggleik og stabilitet i Europa, og minner om at iverksetjing av den tilpassa CFE-avtalen vil gjere det mogleg for ikkje-CFE-statar å tiltre. Vi gler oss over at Avtalen om opne luftrom trådde i kraft 1. januar 2002.

25. Vi takkar regjeringa på Island som har vore vertskap for dette møtet.
-

Vedlegg 2

Tilhøvet mellom NATO og Russland: Ein ny kvalitet. Erklæring frå stats- og regjeringssjefane i NATO-medlemslanda og Den russiske føderasjonen i Roma 28. mai 2002

Ved inngangen til det 21. hundreåret lever vi i ei ny og tett samanveven verd, der tidlegare ukjende truslar og utfordringar krev stadig meir samordna reaksjonar. Difor har vi, medlemsstatane i NATO og Den russiske føderasjonen, i dag opna eit nytt kapittel i tilhøvet oss imellom, med det siktemål å bli betre i stand til å arbeide saman på område der det er av felles interesse, og å stå samla mot felles truslar og farar for tryggleiken. Som deltakarar i Grunnakta om gjensidige relasjonar, samarbeid og tryggleik stadfester vi måla, prinsippa og tilsegnene som er nedfelte i denne, særleg vår faste vilje til å stå saman om å byggje opp ein varig og inkluderande fred i det euroatlantiske området på grunnlag av prinsippa om demokrati og samarbeidsbasert tryggleik og prinsippet om at tryggleiken for heile det euroatlantiske samfunnet er udeleg. Vi er overtydde om at eit kvalitativt nytt forhold mellom NATO og Den russiske føderasjonen vil vere av vesentleg verdi for å nå dette målet. I denne samanhengen vil vi i god tru oppfylle føresegnene i folkeretten, mellom anna FN-charteret, føresegner og prinsipp som går fram av Helsingfors-sluttakta og OSSE-charteret for tryggleik i Europa.

Med Grunnakta som fundament og under tilvising til det initiativet utanriksministrane våre tok i fråsegna av 7. desember 2001 om å føre NATO-medlemslanda og Russland saman for å finne fram til område der desse tjue landa kan gjere felles innsats, opprettar vi med dette NATO-Russland-rådet. Innanfor NATO-Russland-rådet vil NATO-medlemsland og Russland arbeide på like fot i saker av felles interesse. NATO-Russland-rådet skal vere ein mekanisme for samråd, konsensusbygging, samarbeid, felles vedtak og felles handling for medlemsstatane i NATO og Russland i eit breitt spekter av tryggingsspørsmål i den euroatlantiske regionen.

NATO-Russland-rådet skal vere den viktigaste strukturen og møtestaden for å vidareutvikle tilhøvet mellom NATO og Russland. Det skal fun-

gere etter konsensusprinsippet. Det skal arbeide på grunnlag av kontinuerleg politisk dialog mellom medlemmene i tryggingsspørsmål, med sikte på å oppdage nye problem i ein tidleg fase, velje optimale felles tilnærmingar og eventuelt gjennomføre felles handling. Medlemmene av NATO-Russland-rådet, som skal opptre på nasjonale vegner og i samsvar med sine respektive kollektive tilsegner og plikter, skal gjere felles vedtak og bere same ansvar, både individuelt og kollektivt, for at desse vert sette ut i livet. I NATO-Russland-rådet kan kvar medlem ta opp spørsmål som gjeld gjennomføringa av fellesvedtak.

NATO-Russland-rådet skal leiast av generalsekretæren i NATO. Det skal møtast på utanriksministernivå og på forsvarsministernivå to gonger i året, og på stats- og regjeringssjefnivå slik det passar. Møte i Rådet på ambassadørnivå vil bli haldne minst ein gong i månaden. Ved behov kan det haldast møte oftare, også ekstraordinære møte, som vil bli haldne dersom enten eit medlem eller Generalsekretæren ber om det.

Til å støtte og førebu møta i Rådet vert det oppretta ein førebuingskomité på nivå med Politisk komité i NATO, med russisk representasjon på aktuelt nivå. Førebuingskomiteen skal ha to møte i månaden eller om nødvendig fleire. NATO-Russland-rådet kan òg setje ned komitear eller arbeidsgrupper for einskilte samarbeidsområde eller emne, ad hoc eller permanent. Slike komitear og arbeidsgrupper skal gjere seg nytte av ressursane til eksisterande NATO-komitear.

I regi av rådet vil også militære representantar og stabssjefar møtast. Stabssjefmøte vil bli haldne minst to gonger i året, møte mellom militærrepresentantar minst ein gong i månaden, med høve til fleire møte etter behov. Møte mellom militæreksperter kan kallast saman slik det passar.

NATO-Russland-rådet avløyser Fellesrådet NATO-Russland, og vil fokusere på alle område av felles interesse som er peika ut i del III av Grunnakta, som òg seier at andre område kan leggjast til

når partane er samde om det. Arbeidsprogrammet for 2002 som vart avtala i desember 2001 for PJC med underorgan, vil bli gjennomført i regi av og i samsvar med reglane for NATO-Russland-rådet. NATO-medlemsstatane og Russland vil halde fram med å intensivere samarbeidet på område som kamp mot terrorisme, krisehandtering, ikkje-spreiing, rustingskontroll og tillitsbyggjande tiltak, regionalt rakettforsvar, søk og berging til havs, fagmilitært samarbeid og sivile krisesituasjonar. Dette samarbeidet kan utfylle samarbeid i andre forum. Som eit første steg har vi i dag avtala å samarbeide på følgjande område:

Kamp mot terrorisme: styrkje samarbeidet gjennom ei mangearta tilnærming som òg vil omfatte felles vurderingar av terrortrusselen i det euroatlantiske området med fokus på konkrete truslar mot til dømes russiske styrkar og NATO-styrkar, mot sivile fly eller mot livsviktig infrastruktur; eit første steg vil vere ei felles vurdering av terrortrusselen mot fredsstyrkane frå NATO, Russland og partnerlanda på Balkan.

Krisehandtering: styrkje samarbeidet, mellom anna gjennom: jamleg utveksling av synspunkt og opplysningar om fredsbevarande operasjonar, med vidare samarbeid og samråd om situasjonen på Balkan; arbeid for auka interoperabilitet mellom nasjonale fredsbevarande kontingentar, også i form av felles eller samordna opplæring; vidare utvikling av eit generisk konsept for felles fredsbevarande operasjonar mellom NATO og Russland.

Ikkje-spreiing: utvide og styrkje samarbeidet mot spreiding av masseødeleggingsvåpen (WMD) og leveringsmiddel for slike våpen, og medverke til å styrkje eksisterande ikkje-spreiingsordningar gjennom: ei strukturert utveksling av synspunkt som fører fram til ei felles vurdering av globale trendar i spreiding av kjernefysiske, biologiske og kjemiske stoff; utveksling av erfaringar med sikte på å sonde grunnlaget for intensivt praktisk samarbeid om vern mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske stoff.

Rustingskontroll og tillitsskapande tiltak: idet ein minner om kva rustingskontroll og tillits- og tryggingsskapande tiltak (CSBM) har å seie for stabiliteten i det euroatlantiske området, og stadfester at etterleving av Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa (CFE) er ein hjørnestein i euro-

peisk tryggingsspolitikk – samarbeide med sikte på å få alle avtalepartane til å ratifisere den tilpassa CFE-avtalen og å få avtalen sett i kraft, noko som vil gje statar som ikkje er med i CFE-avtalen høve til å tiltre; vidareføre konsultasjonar om CFE og Avtalen om opne luftrom; vidareføre konsultasjonane mellom kjernevåpenekspertar frå NATO og Russland.

Regionalt rakettforsvar: auke konsultasjonane om regionalt rakettforsvar (TMD), særleg om TMD-konsept, terminologi, system og systemevner, for å analysere og evaluere mogleg grad av interoperabilitet mellom respektive TMD-system, og sonde utsiktene for intensivt praktisk samarbeid, mellom anna felles opplæring og øvingar.

Søk og berging til havs: kontrollere gjennomføringa av rammedokumentet mellom NATO og Russland om berging av ubåtmannskap, halde fram med å fremje samarbeid, innsyn og tillit mellom NATO og Russland innan søk og berging til havs.

Fagmilitært samarbeid og forsvarsreform: søkje auka fagmilitært samarbeid og interoperabilitet gjennom auka felles opplæring og øvingar og gjennomføring av felles demonstrasjonar og testar; sonde utsiktene for å etablere eit integrert militært opplæringssenter for NATO og Russland for oppdrag som svar på utfordringane i det 21. hundreåret; auke samarbeidet om forsvarsreform og dei økonomiske sidene ved dette, mellom anna omlegging.

Sivile kriser: søkje betre mekanismar for framtidig samarbeid mellom NATO og Russland for å ta hand om sivile krisesituasjonar. Første steg vil mellom anna vere utveksling av opplysningar om nylege katastrofar og utveksling av opplysningar om handtering av følgjene av masseødeleggingsvåpen.

Nye truslar og utfordringar: I tillegg til dei områda som er lista opp ovanfor, sonde utsiktene for å konfrontere nye utfordringar og truslar mot det euroatlantiske området innanfor aktivitetane til NATO-komiteen for utfordringar i det moderne samfunnet (CCMS); setje i gang samarbeid på området sivil og militær kontroll av luftrom; søkje auka vitskapleg samarbeid.

Medlemmene av NATO-Russland-rådet vil arbeide med sikte på å finne fram til ytterlegare samarbeidsområde.

Vedlegg 3

Erklæring frå toppmøtet i Praha, framlagd av stats- og regjeringssjefane som deltok på møtet i Det nordatlantiske rådet 21. november 2002

1. Som stats- og regjeringssjefar for medlemslanda i NATO møttest vi i dag for å utvide Alliansen og gjere NATO betre skikka til å møte dei alvorlege nye truslane og dei djuptgripande tryggingssutfordringane i det 21. hundreåret. Bundne av den felles visjonen som er nedfelt i Washington-traktaten, forpliktar vi oss til å tilpasse NATO med nye medlemmer, ny kapasitet og nye tilhøve til våre partnerar. Vi står fast på vårt engasjement for dei transatlantiske banda, for dei grunnleggjande tryggingssoppgåvene til NATO – også fellesforsvaret, for dei demokratiske verdiane vi deler og for FN-charteret.
2. Vi har i dag vedteke å invitere Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia til samtalar om opptak i Alliansen. Vi gratulerer dei med denne historiske hendinga, som så passande fann stad her i Praha. Med desse nye landa som medlemmer vil heile det euroatlantiske området oppleve auka tryggleik, og vi kan lettare nå vårt felles mål – eit heilt og fritt Europa, sameint av fred og felles verdier. Døra til NATO vil stå open for europeiske demokrati med vilje og evne til å ta på seg ansvaret og pliktene som medlemskap medfører, i samsvar med artikkel 10 i Washington-traktaten.
3. På bakgrunn av dei tragiske hendingane den 11. september og det påfølgjande vedtaket om å ta i bruk artikkel 5 i Washington-traktaten, har vi godkjent eit omfattande tiltaksprogram, basert på NATOs strategiske konsept, for å bli betre i stand til å møte dei utfordringane våre styrkar, befolkningar og territorium står overfor, same kvar desse utfordringane skulle komme frå. Vedtaka i dag vil opne for balanserte og effektive evner innanfor Alliansen slik at NATO betre kan utføre alle sine oppdragstypar og svare kollektivt på desse utfordringane, også på trusselen som ligg i terrorisme og spreiging av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen.
4. Vi strekar under at ikkje noko land eller nokon organisasjon skal kjenne seg trua av det vi gjer for å omdanne og tilpasse NATO, men heller sjå det som ein demonstrasjon av vår faste vilje til å verne folk, territorium og styrkar mot alle væpna åtak, også terroriståtak, som måtte bli retta mot oss utanfrå. Vi er fast bestemte på å avskrekke, stanse, forsvare oss og verne oss mot angrep, i samsvar med Washington-traktaten og FN-charteret. For å utføre heile sitt spekter av oppdrag må NATO, etter vedtak i Det nordatlantiske rådet, kunne mobilisere styrkar som fort kan forflyttast dit det er behov for dei, som kan gjere teneste langt borte og over lang tid, også under forhold der dei kan bli utsette for kjernefysiske, biologiske og kjemiske truslar, og som er skikka til å løyse dei oppgåvene dei får. Effektive militære styrkar, som er ein sentral del av den samla politiske NATO-strategien, er avgjerande for å sikre fri-dom og tryggleik for befolkningane våre og for å kunne medverke til fred og tryggleik i den euroatlantiske regionen. Vi har difor bestemt oss for å:
 - a) Opprette ein eigen reaksjonsstyrke (NATO Response Force), ein teknologisk avansert, fleksibel og uthaldande styrke med god evne til deployering og interoperabilitet, samansett av land-, sjø- og luftelement, som etter vedtak i Rådet kan rykkje ut på kort varsel dit det er behov for dei. NRF vil òg vere ein katalysator for å få gjennomført nødvendige forbetringar i dei militære evnene til Alliansen. Vi gav instruksjonar om utarbeiding av eit samla konsept for ein slik styrke, som skal ha ei operativ grunn-evne snarast mogleg og seinast i oktober 2004, og full operativ evne seinast i oktober 2006, og likeins av ein rapport til forsvarsministrane våren 2003. Arbeidet med NRF og det tilsvarande arbeidet som vert gjort for å opprette ein eigen styrke i EU (Head-

line Goal), bør vere gjensidig forsterkande og på same tid respektere autonomien til dei to organisasjonane.

- b) Effektivisere dei militære kommandoordningane i NATO. Vi har godkjent rapporten frå forsvarsministrane, som skisserer ein slankare, meir effektiv, rasjonell og deployerbar kommandostruktur, med sikte på å oppfylle dei operasjonelle krava til alle typar allianseoppdrag. Strukturen er basert på dokumentet om militære minstekrav til kommandoordningar for Alliansen. Strukturen vil styrkje dei transatlantiske banda, gje rom for ein større reduksjon i hovudkvarter og kombinerte luftoperasjonssenter og lette omforminga av dei militære evnene våre. Det blir to strategiske kommandoar, den eine operativ og den andre funksjonell. Strategisk operasjonskommando, med hovudkvarter i Europa (Belgia), får støtte i to kommandoar for fleirnasjonale styrkar (Joint Force Commands) som vil kunne generere eit landbasert hovudkvarter for kombinerte, fleirnasjonale innsatsstyrkar (CJTF) og eit robust, men meir avgrensa ståande fleirnasjonalt hovudkvarter som kan vere utgangspunkt for eit sjøbasert CJTF-hovudkvarter. Det blir òg etablert land-, sjø- og luftkomponentar. Strategisk kommando for omdanning, med hovudkvarter i USA og med eit nærvær i Europa, får ansvaret for den vidare omdanninga av militærapparatet og for interoperabilitet mellom alliansestyrkane, eventuelt i samarbeid med den allierte operasjonskommandoen. Vi har instruert Rådet og Forsvarsplanleggingskomiteen om å avklare detaljane i strukturen, mellom anna den geografiske plasseringa av kommandohovudkvarter og andre element, slik at endelege avgjerder kan takast av forsvarsministrane i juni 2003; det må her takast omsyn til arbeid gjort av militærstyresmaktene i NATO og til objektive militære kriterium.
- c) Godkjenne Prahatilsegna om kapasitetar (Prague Capabilities Commitment) som ein del av den vedvarande allianseinnsatsen for å forbetre og utvikle ny militær evne til moderne krigføring i eit miljø med høg trusselgrad. Individuelle allianseland har gjeve faste og konkrete politiske lovnader om å forbetre sine evner på områda kjemisk, biologisk, radiologisk og kjernefy-

sisk forsvar; etterretning, overvaking og mållokalisering; luft-bakke-overvaking; kommando, kontroll og kommunikasjon; stridseffektivitet, mellom anna bruk av presisjonsstyrte våpen og undertrykking av fiendtleg luftforsvar; strategisk luft- og sjøtransport; drivstoffylling i lufta; deployerbare einingar til teknisk og administrativ stridsstøtte. Arbeidet vi gjer for å auke evnene våre gjennom Prahatilsegna og arbeidet som blir gjort i EU for å styrkje dei europeiske evnene gjennom den europeiske kapasitetshandlingsplanen, bør vere gjensidig forsterkande og samtidig respektere autonomien til begge organisasjonane, og bør gå føre seg i ei open ånd. Vi vil gjennomføre alle sider ved Prahatilsegna så fort det let seg gjere. Vi vil gjere det som må til for å få auka kapasitet på område der det har vist seg at vi kjem til kort. Det kan mellom anna bli tale om fleirnasjonalt arbeid, rollespesialisering og omprioritering; i mange tilfelle vil det vere behov for økonomiske tilleggsløyvingar som krev godkjenning i nasjonalforsamlingane. Vi forpliktar oss til å arbeide energisk for betra kapasitet. Vi har pålagt Det faste rådet å rapportere til forsvarsministrane om gjennomføringa.

- d) Slutte oss til det avtala militære konseptet for forsvar mot terrorisme. Konseptet er ein del av eit tiltaksprogram for å styrkje NATO-kapasiteten på dette området, som òg omfattar betre ordningar for deling av etterretningsinformasjon og for tiltak mot kriser. Terrorismen, som vi kategorisk avviser og fordømmer i alle sine former, utgjer ein alvorleg og aukande trussel mot våre befolkningar, styrkar og territorium og mot tryggleiken i verda. Vi er fast bestemte på å kjempe mot dette problemet så lenge det trengst. For å kunne slå tilbake terrorismen må vi ha evne til allsidige og omfattande reaksjonar. Saman med partnerane våre forpliktar vi oss til full gjennomføring av handlingsplanen for sivil beredskapsplanlegging (Civil Emergency Planning) for såleis å betre den sivile beredskapen mot angrep på sivilbefolkninga med kjemiske, biologiske eller radiologiske stoff. Vi vil bli betre i stand til å tre støttande til når vi blir bedne om det for å hjelpe nasjonale styresmakter med å handtere følgjene av terroriståtak, også åtak med masseødeleg-

gingsvåpen mot livsviktig infrastruktur, slik CEP-handlingsplanen føreset.

- e) Slutte oss til gjennomføringa av fem initiativ til forsvar mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen, som vil auke Alliansens forsvarsevne mot masseødeleggingsvåpen: ein prototyp på eit deployerbart analyselaboratorium for kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen (ABC), ei mønstereinjing til innsats ved ABC-hendingar, eit virtuelt spisskompetansesenter innan forsvar mot ABC-våpen, eit NATO-beredskapslager mot biologiske og kjemiske våpen og eit sjukdomsovervakingssystem. Vi stadfester at vi er forplikta til snarast å skaffe oss auka og forbetra forsvarsevne mot ABC-våpen.
 - f) Styrkje vår evne til forsvar mot dataangrep.
 - g) Vurdere ulike alternativ for å handtere den aukande raketrusselen mot allierte territorium, styrkar og tettfolka område på ein effektiv og rasjonell måte gjennom ein passende kombinasjon av politiske og forsvarsmessige tiltak kombinert med avskrekkingstiltak. Vi har i dag sett i gang arbeidet med ein ny forstudie til eit NATO-rakettforsvar for å finne ut korleis allierte territorium, styrkar og tettfolka område kan vernast mot alle typar raketruslar, som vi vil halde fram med å evaluere. Vår innsats på dette området vil vere i tråd med den udelelege alliansetryggleiken. Vi sluttar opp om at WMD-senteret i Den internasjonale staben får ei større rolle og såleis kan hjelpe Alliansen i arbeidet med å takle denne trusselen. Vi stadfester at nedrusting, rustingskontroll og ikkje-spreiing er avgjerande for å førebyggje spreining og bruk av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi ser det som svært viktig å etterleve og styrkje eksisterande multilaterale regime for ikkje-spreiing og eksportkontroll og internasjonale avtarar om rustingskontroll og nedrusting.
5. Opptak av Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia som nye medlemmer vil gje NATO større evne til å møte dagens og morgondagens utfordringar. Landa har vist at dei sluttar opp om dei grunnleggjande prinsippa og verdiane i Washington-traktaten, dei har demonstrert evne til å bidra til alle typar oppdrag innanfor Alliansen, også fellesforsvaret, og ein fast vilje til å medverke til

stabilitet og tryggleik, særleg i krise- og konfliktråka regionar. Vi vil straks gå i gang med tiltredingssamtalar med sikte på å underteikne tiltredingsprotokollar innan ugangen av mars 2003 og å fullføre ratifikasjonsprosessen i tide til at desse landa kan bli medlemmer av Alliansen seinast under toppmøtet vårt i mai 2004. I tida fram til tiltreding vil Alliansen la dei inviterte landa delta i allianseaktivitetar der det er mogleg. Vi lovar vidare støtte og hjelp, mellom anna gjennom Handlingsplanen for medlemskap (MAP). Vi ser fram til at dei inviterte landa skal leggje fram tidsplanar for reformer; deretter vil vidare framgang vere venta av dei både før og etter at dei blir medlemmer, slik at dei kan yte eit større bidrag til Alliansen.

6. Vi rosar Albania for god framgang i reformarbeidet, for konstruktiv innsats for regional stabilitet og for sterk støtte til Alliansen. Vi rosar Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia for god framgang i reformprosessen og for sterk støtte til allianseoperasjonane, likeins for viktige steg som er gjorde å takle indre utfordringar og fremje demokrati, stabilitet og etnisk forsoning. Mellom anna gjennom MAP vil vi hjelpe begge landa vidare mot stabilitet, tryggleik og velstand slik at dei kan oppfylle sine plikter som medlemmer. Vi er òg blitt samde om å styrkje vår eiga evne til å hjelpe i det vidare reformarbeidet i Albania, og om å halde fram med å støtte reformene i forsvars- og tryggingssektoren i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia gjennom NATO-nærværet. Vi oppmodar begge landa til å auke reforminnsatsen. Dei er framleis under vurdering som framtidige medlemmer. Kroatia har vist oppmuntrande framgang i reformarbeidet, og vil òg bli vurdert med tanke på framtidig medlemskap. Utviklinga vil vere avhengig av at Kroatia held fram med reformarbeidet og oppfyller alle internasjonale tilsegner, mellom anna overfor den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Handlingsplanen for medlemskap vil framleis vere målestokken for framgang i kandidatlanda. Landa som vart inviterte i dag, blir ikkje dei siste.
7. Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) og Partnerskap for fred (PFP) har medverka sterkt til auka tryggleik og stabilitet i heile det euroatlantiske området. Vi har i dag bestemt oss for å oppgradere samarbeidet med EAPC/PFP-landa. Den politiske dialogen skal styrkjast, og i samråd med partnerlanda vil allian-

- selanda i størst mogleg grad gjere aktuelle partnerland delaktige i planlegging, gjennomføring og kontroll med aktivitetar og prosjekt som dei deltek i og medverkar til. Vi har innført nye praktiske mekanismar, mellom anna individuelle handlingsplanar for partnerland, som vil sikre ei heilskapleg, skreddarsydd og differensiert tilnærming til partnerskapen og som gjev rom for støtte til reforminnsatsen hos partnerane. Vi oppmuntrar partnerane, også landa i dei strategisk viktige regionane Kaukasus og Sentral-Asia, til å dra fordel av desse mekanismane. Vi gler oss over at partnerane står fast på å gjere alt for å slå tilbake terrorismen, mellom anna gjennom partnerskapsplanen mot terrorisme. Vi vil styrkje arbeidet med interoperabilitet og forsvarsrelaterte saker, som er kjernen i partnerskapen. PFP og EAPC vil kunne utvidast med Den føderale republikken Jugoslavia og Bosnia-Hercegovina når visse føresetnader er oppfylte, mellom anna fullt samarbeid med ICTY.
8. Vi gler oss over at NATO-Russland-rådet har fått utretta så mykje sidan det historiske toppmøtet mellom NATO og Russland i Roma. Tilhøvet er utdjupa, til beste for alle nasjonar i det euroatlantiske området. NATO-medlemslanda og Russland arbeider no saman i NATO-Russland-rådet som likeverdige partnarar, og gjer framgang på område som fredsbevaring, forsvarsreform, spreining av masseødeleggingsvåpen, søk og berging, sivil kriseplanlegging, regionalt rakettforsvar og kamp mot terrorisme, med eit stabilt, fredeleg og udeelt Europa som felles mål. I samsvar med Grunnakta og Roma-erklæringa er vi fast bestemte på å intensivere og utvide samarbeidet med Russland.
 9. Vi forpliktar oss framleis til eit tett tilhøve mellom NATO og Ukraina, i samsvar med charteret om ein særskild partnerskap. Vi merker oss at Ukraina går fullt og fast inn for euroatlantisk integrasjon, og oppmuntrar Ukraina til å gjennomføre alle nødvendige reformer for å nå dette målet, mellom anna når det gjeld handheving av eksportkontroll. Den nye handlingsplanen som vi skal vedta saman med Ukraina, er eit viktig steg framover; her er det fastsett politiske, økonomisk, militære og andre reformområde der Ukraina forpliktar seg til vidare framgang og der NATO framleis vil hjelpe til. For at arbeidet med å utdjupe og styrkje forholdet vårt skal ha framgang, må Ukraina eintydig slutte opp om verdiane til det euroatlantiske samfunnet.
 10. Vi stadfester at tryggleiken i Europa heng nøye saman med trygge og stabile tilhøve i Middelhavsområdet. Vi går difor inn for ei kraftig politisk og praktisk oppgradering av Middelhavsdialogen som ein integrert del av det samarbeidsorienterte tryggingsarbeidet i Alliansen. I samband med dette oppmuntrar vi til intensivt praktisk samarbeid og effektiv samhandling i tryggingsspørsmål som vedgår oss alle og der NATO har noko å tilføre, eventuelt også i saker som gjeld terrorisme. Vi minner om at Middelhavsdialogen og annan internasjonal innsats, mellom anna Barcelona-prosessen i EU, er gjensidig utfyllande og forsterkande.
 11. NATO og Den europeiske unionen har felles strategiske interesser. Vi er framleis sterkt forplikta av vedtaka som vart gjorde på Washington-toppmøtet og påfølgjande minstermøte om å auke samarbeidet mellom NATO og EU. At samarbeidet har vore vellukka, viser fellesinnsatsen vi har gjort på Balkan for å skape fred og leggje tilhøva til rette for framgangsrike og demokratiske samfunn. Hendingane den 11. september 2001 og seinare har ytterlegare understreka det viktige i større innsyn og samarbeid mellom dei to organisasjonane i spørsmål av felles interesse med omsyn til trygging, forsvar og krisehandtering, slik at kriser kan møtast med dei mest eigna militære reaksjonar og effektiv krisehandtering kan sikrast. Vi forpliktar oss gjensidig til å oppnå nødvendig framgang på alle område, samtidig som vi merker oss behovet for å finne løysingar som er tilfredsstillande for alle allianseland i spørsmålet om høve for europeiske allierte utanfor EU til å delta, slik at vi kan oppnå ein ekte strategisk partnerskap.
 12. For ytterlegare å fremje freden og stabiliteten i det euroatlantiske området vil NATO vidareutvikle det produktive og nære samarbeidet med OSSE, nærare bestemt på dei gjensidig utfyllande områda konfliktførebygging, krisehandtering og rehabilitering etter konflikt.
 13. Alliansen har hatt ei avgjerande rolle i arbeidet med å gjenopprette tryggleik i Sørøst-Europa. Vi stadfester vår støtte til territorial integritet og suverenitet for alle landa i denne strategisk viktige regionen. Vi vil samarbeide vidare med partnerane våre i SFOR og KFOR, FN, Den europeiske unionen, OSSE og andre internasjonale organisasjonar for å vere med på å bygge eit fredeleg, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa, der alle land gjer reformprosessen til

sin eigen og er integrerte i euroatlantiske strukturar. Vi er fast bestemte på å nå dette målet. Vi forventar at landa i regionen held fram med å byggje opp varige multietniske samfunn, utrydde organisert kriminalitet og korrupsjon og etablere rettsstaten, at dei samarbeider regionalt og at dei fullt ut etterlever internasjonale avtalar, også ved å stille alle ICTY-tiltala for retten i Haag. Reformframgangen i desse landa vil avgjere kor fort dei blir integrerte i dei euroatlantiske strukturane. Vi stadfester at vi vil bli ståande i regionen, og er klar til å støtte desse landa i regionen gjennom individuelle bistandsprogram slik at dei kan ha vidare framgang. På bakgrunn av vedvarande framgang og analyse av den rådande tryggingssmessige og politiske situasjonen vil vi sondere ulike alternativ for vidare rasjonalisering og omstrukturering av styrkane, etter ein regional innfallsvinkel. Vi gler oss over den velukka fullføringa av operasjon Amber Fox i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia. Vi er samde om at NATO blir ståande i eit avgrensa tidsrom frå 15. desember for å medverke til vedvarande stabilitet, noko vi vil vurdere etter som situasjonen utviklar seg. Vi merker oss at EU har sagt seg reie til å ta over den militære operasjonen i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia når forholda tilseier det.

14. Medlemsland i NATO har svara på oppmodinga frå Tryggingrådet i FN om å hjelpe den afghanske regjeringa med å gjenopprette trygge forhold i og rundt Kabul. Styrkane deira dannar ryggrada i den internasjonale tryggingstyrken (International Security Assistance Force) i Afghanistan. Vi rosar Storbritannia og Tyrkia for innsatsen dei etter tur har gjort som leiarnasjonar for ISAF, og gler oss over at Tyskland og Nederland har sagt seg vilige til å ta over leiinga i fellesskap. NATO har gått med på å støtte dei kommande leiarnasjonane for ISAF i utvalde område, og viser slik at vi framleis engasjerer oss i situasjonen. Men ansvaret for å få i stand ein trygg situasjon med lov og orden i heile Afghanistan ligg på afghanarane sjølve.
15. Vi er som før forplikta til CFE-avtalen, og stadfester at vi går inn for ei snarleg iverksetjing av den tilpassa avtalen. CFE-regimet er eit grunnleggjande bidrag til eit tryggare og meir integrert Europa. Vi gler oss over haldninga til dei ikkje-CFE-landa som har sagt at dei aktar å be om å få tiltre den tilpassa CFE-avtalen når denne trer i kraft. Stabiliteten og tryggleiken i Europa ville vere mykje tent med at desse landa fekk høve til å tiltre. Vi helser velkommen at Russland har oppnådd viktige resultat i arbeidet med å redusere styrkane i området for artikkel V i avtalen til avtala nivå. Vi ber om at dei uinnfridde tilsegnene frå Istanbul med omsyn til Georgia og Moldova snarast vert oppfylte, noko som vil gjere det mogleg for allianselanda og andre avtalepartar å gå vidare mot ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen.
16. Etter kvart som NATO vert omdanna, skal organiseringa av hovudkvartera gjerast meir effektiv og rasjonell gjennom ein tiltakspakke som vi har slutta oss til. «NATO+»-initiativet om menneskelege ressursar utfyller dette arbeidet. Samla og kvar for oss skal vi halde fram med å yte dei ressursane som trengst for at Alliansen skal kunne utføre dei oppgåvene vi krev av han.
17. Vi gler oss over rolla til parlamentarikarforsamlinga i NATO som eit supplement i NATO-innsatsen for å spreie stabilitet over heile Europa. Vi set òg pris på arbeidet til Det atlantiske traktatsforbundet med å gje publikum større kunnskap om Alliansen og dei måla han arbeider for.
18. Vi er djupt takksame for den vennlege mottakinga vi har fått av regjeringa i Den tsjekkiske republikken.
19. Dette toppmøtet viser at dei europeiske og nordamerikanske allierte, sameinte gjennom felles historie og felles verdier, også etter dette vil vere ein fellesskap med vilje og evne til å forsvare sine territorium, befolkningar og styrkar mot alle truslar og utfordringar. I over femti år har NATO forsvart freden, demokratiet og tryggleiken i det euroatlantiske området. Tilsegnene vi har teke på oss her i Praha, sikrar at Alliansen kan fylle denne livsviktige rolla også i framtida.

Vedlegg 4

Kunngjering om utvidinga frå toppmøtet i Praha ved George Robertson, generalsekretæren i NATO

Så lenge NATO har eksistert, har det aldri vore ein eksklusiv organisasjon. Frå 12 medlemsland i starten har vi utvida gradvis til 14, 15 og 16, og så i 1999 til 19.

Døra til NATO står enno open. I 1999 laga leiarane ein handlingsplan for medlemsskap som skulle hjelpe land i heile Europa med å førebu seg på framtidig medlemskap. Kandidatlanda har arbeidd hardt for å modernisere og reformere sine væpna styrkar og oppfylle dei svært høge krava NATO stiller til verdjar, rettsstatleg styre og sterke demokratiske institusjonar. Alle kandidatland har stått overfor tunge og vanskelege avgjerder. Det viser kor sterkt dei har vilja NATO-medlemskap når dei har teke denne utfordringa.

I juni i fjor kunngjorde NATO-leiarane at dei ville tilby endå fleire å bli med i Alliansen.

Sidan då har vi arbeidd for å sikre at NATO sjølv er førebudd på utvidinga. Som resultat av ein omfattande indre reformprosess vil ein organisasjon som i utgangspunktet var meint for 12 medlemsland, vere klar til å fungere like effektivt med

dobbelt så mange. Difor kan vi trygt seie at denne omgangen med utvidingar vil oppretthalde og auke styrken, samhaldet og vitaliteten i NATO, og at utvidinga ikkje er retta mot tryggingsinteressene til nokon partnerstat.

De har nyleg fått presentert ein omfattande rapport om utvidingsprosessen. I dag skal vi ta stilling til om vi skal invitere endå fleire land til samtalar om tiltreding.

Dette er eit avgjerande viktig vedtak i eit spørsmål som allianselanda gradvis er blitt einige om gjennom dei siste månadene. Eg trur vi no er komne til full semje. Eg føreslår difor for stats- og regjeringssjefane i NATO at dei inviterer følgjande nasjonar til medlemsskapsforhandlingar med NATO: Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Romania, Slovakia og Slovenia. Eg forstår det slik at det er semje om dette – Rådet har vedteke forslaget.

Når denne viktige avgjerda no er teken, gjev eg ordet til medlemmene av NAC på stats- og regjeringssjefnivå.

Vedlegg 5**Fråsegn om Irak frå toppmøtet i Praha 21. november 2002**

Vi, dei 19 stats- og regjeringssjefane i NATO, har vore samla til møte i Praha og har uttrykt djup uro over terrorisme og spreiding av masseøydelegingsvåpen. Når det gjeld Irak, har vi lova full støtte til gjennomføringa av resolusjon 1441 frå Tryggingrådet i FN, og oppmodar om at Irak straks og fullstendig innrettar seg etter denne og alle relevante tryggingrådsresolusjonar.

Vi ser svært alvorleg på at Irak ikkje fullt og heilt har innfridd krava landet er pålagt som eit nødvendig steg for å gjenopprette fred og tryggleik i verda, og vi minner om at Tryggingrådet i

sin resolusjon har gjeve Irak ein siste sjanse til å innfri nedrustingskrava i samsvar med aktuelle rådsresolusjonar.

Dei NATO-allierte forpliktar seg samla til å setje i verk effektive tiltak for å hjelpe og støtte FN i innsatsen for å sikre at Irak straks og fullstendig, utan vilkår og atterhald, rettar seg etter resolusjon 1441. Vi minner om at Tryggingrådet i sin resolusjon har åtvara Irak om at det vil få alvorlege følgjer for landet om det held fram med å bryte forpliktingane sine.

Vedlegg 6**Brev av 13. desember 2002 frå høgrepresentanten for den felles utanriks- og tryggingspolitikken i Den europeiske unionen, Javier Solana, til generalsekretæren i NATO, George Robertson**

Herr Generalsekretær

EU sitt råd har avtala følgjande reglar for gjennomføring av Nice-vedtaka om deltaking for europeiske allierte utanfor EU.

ESDP: Gjennomføring av Nice-vedtaka om deltaking for europeiske allierte utanfor EU

Oppfylging av NATO-tilsegner for visse medlemsstatar i EU

1. I traktaten om Den europeiske unionen heiter det (artikkel 17.1):

«Unionspolitikken etter denne artikkelen skal ikkje vere til skade for den særskilde trygging- og forsvarspolitikken til visse medlemsstatar, og skal respektere dei pliktene visse medlemsstatar, som ser sitt fellesforsvar realisert gjennom Det nordatlantiske forsvarssambandet (NATO), har etter Atlanterhavspakta, og skal vere i tråd med den felles trygging- og forsvarspolitikken som er etablert innanfor desse rammene.»

2. For dei aktuelle medlemsstatane tyder dette at dei handlingar og avgjerder dei er med på innanfor rammene for militær krisehandtering i EU, til kvar tid skal respektere alle deira plikter som NATO-allierte. Dette inneber òg at ESDP ikkje under noko omstende og ikkje i noka krise skal brukast mot ein alliert, på den tilsvarende føresetnad at den militære krisehandteringa i NATO ikkje skal omfatte noko tiltak mot EU eller medlemsstatane i denne organisasjonen. Det er òg ein føresetnad at det ikkje skal setjast i verk noko tiltak som bryt med prinsippa i FN-charteret.

Deltaking i ESDP-samråd i fredstid for europeiske allierte utanfor EU

1. Som det var semje om under Det europeiske rådet i Nice, vil EU føre permanente og vedva-

rande konsultasjonar med dei europeiske allierte utanfor EU, der alle trygging-, forsvars- og krisehandteringsspørsmål vil bli tekne opp. Ytterlegare møte i 15 + 6-format vil bli haldne når det er nødvendig. Konsultasjonane vil særskilt, slik det passar, omfatte tilleggsmøte i formatet EU + 6 før møte i EU sin utanriks- og tryggingspolitiske komité (PSC) og i EU sin militærkomité (EUMC) der det kan bli gjort vedtak i saker som verkar inn på tryggingssinteressene til dei europeiske allierte utanfor EU. Målet med desse konsultasjonane er at EU og dei europeiske allierte utanfor EU skal utveksle synspunkt og drøfte saker og interesser som desse allierte tek opp, slik at EU kan ta omsyn til dette. Som i CFSP (FUSP) vil desse konsultasjonane gje dei europeiske allierte utanfor EU høve til å medverke i den europeiske trygging- og forsvarspolitikken og til å bli delaktige i EU sine vedtak, tiltak og fråsegner i samband med ESDP.

2. Konsultasjonane mellom EU og dei europeiske allierte utanfor EU vil bli grundig førebudde, mellom anna gjennom konsultasjonar som omfattar presidentskapen, rådssekretariatet og representantane for dei europeiske allierte utanfor EU, og gjennom oversending av relevante dokument. Møte vil bli følgde opp på ein grundig måte, mellom anna ved at rådssekretariatet oversender referat av diskusjonane. Målet med desse ordningane er å sikre at konsultasjonane vert både omfattande og intensive.
3. Avviklinga av møte i 15 + 6-format, slik Nice-ordningane gjev rom for, vil bli forenkla ved at det vert utpeika faste samtalepartnarar hos PSC. For å gje rom for dialog med EUMC og hjelpe til med å førebu 15 + 6-møta på representantnivå i Militærkomiteen, kan dei europeiske allierte utanfor EU òg peike ut samtalepartnarar hos Militærkomiteen. Dei utpeika samtalepartnarane hos dei ulike EU-organa får høve til

å pleie bilaterale kontaktar frå dag til dag, noko som vil styrkje dei regulære konsultasjonane på 15 + 6-nivå.

Tilhøve til EUMC og nasjonale hovudkvarter som er involverte i EU-leidd operasjonar.

1. Ordningane i NATO for EU-medlemmer utanfor NATO vil tene som grunnlag for å utvikle passande ordningar for dei europeiske allierte utanfor EU i dei militære EU-strukturane; her må ein komme i hug at dei militære strukturane er ulike i dei to organisasjonane. Dersom operativ planlegging vert utført i NATO, vil dei europeiske allierte utanfor EU delta heilt og fullt. Dersom operativ planlegging vert utført i eitt av dei europeiske hovudkvartera på strategisk nivå, vil dei europeiske allierte utanfor EU i eigenskap av bidragsytarar bli inviterte til å sende offiserar til vedkommande hovudkvarter.

Deltaking i EU-leidd øvingar

1. EU aktar ikkje å gjennomføre militærøvingar på lægre nivå enn styrkehovudkvarter (FHQ). Øvingar under dette nivået vil framleis vere medlemsstatane sitt ansvar.
2. EU er forplikta til dialog, samråd og samarbeid med dei europeiske allierte utanfor EU, og ordningane for dette må òg inngå i aktuelle øvingar.
3. Ordningane som gjer at desse allierte kan ta del i EU-øvingar, vil spegle dei ordningane som gjer at dei kan delta i EU-leidd operasjonar. Europeiske allierte utanfor EU vil ha høve til å delta i EU-øvingar der det er tanken at NATO sine ressursar og evner skal brukast. Sidan det òg kan vere aktuelt for dei å delta i EU-leidd operasjonar som ikkje gjer bruk av NATO sine ressursar og evner, vil dei europeiske allierte utanfor EU òg ha behov for å delta i relevante øvingar, og EU må leggje til rette for dette. Europeiske allierte utanfor EU bør bli inviterte til å observere andre relevante øvingar der dei ikkje er deltakarar.

Nærare reglar for deltaking i EU-leidd operasjonar

1. I vurderinga av ulike reaksjonsformer i ei krise, mellom anna ein eventuell EU-leidd operasjon, vil EU ta omsyn til forhold som interesserer og vedgår europeiske allierte utanfor EU, og konsultasjonane dei imellom vil vere til-

strekkeleg intensive til å sikre at dette blir vareteke.

2. Ved ein EU-leidd operasjon der NATO sine ressursar og evner blir tekne i bruk, kan europeiske allierte utanfor EU delta i operasjonen om dei ønskjer det, og vil bli tekne med i planlegginga og førebuingane til operasjonen i samsvar med framgangsmåtane som er etablerte i NATO.
3. Ved ein EU-leidd operasjon som ikkje krev bruk av NATO sine ressursar og evner, vil europeiske allierte utanfor EU, etter vedtak i Rådet, bli inviterte til å delta. Når det skal takast stilling til slik deltaking, vil Rådet ta omsyn til dei tryggingmessige interessene til dei europeiske allierte utanfor EU. I eit konkret tilfelle der ein av dei europeiske allierte utanfor EU uttrykkjer uro over at ein planlagd autonom EU-operasjon vil bli gjennomført i det geografiske nærområdet til ein europeisk alliert utanfor EU, eller kan påverke dei nasjonale tryggingssinteressene til denne, vil Rådet konsultere vedkommande allierte og ta utfallet av denne konsultasjonen med i vurderinga av kor vidt vedkommande allierte får delta, idet ein kjem i hug dei relevante føresegnene i Traktat om Den europeiske union som sitert ovanfor og fråsegna i nr. 2 ovanfor.

Deltaking i førebuing, planlegging og styring av ein EU-leidd operasjon

1. Konsultasjonane i 15 + 6-format vil vere eit forum der dei europeiske allierte utanfor EU, som potensielle bidragsytarar til ein EU-leidd militæroperasjon, kan bli engasjerte alt frå dei innleiande stadia i ei krise, i dialog med EU, og kan konsulterast om utviklinga av tenkinga i EU.
2. Kontaktane med europeiske allierte utanfor EU vil bli intensiverte på alle nivå gjennom konsultasjonar i 15 + 6-format og andre ordningar etter kvart som den før-kritiske fasen utviklar seg. Denne prosessen vil vere viktig for å diskutere mellombels militære bidrag frå dei europeiske allierte utanfor EU i den før-operative fasen, og likeins relevante militære faktorar under utviklinga av dei strategiske militære alternativa, for såleis å leggje føringar for planlegginga og førebuingane som skal danne grunnlaget for eit rådsvedtak om å setje i gang ein EU-leidd operasjon. På denne måten kan dei europeiske allierte utanfor EU gjere sitt syn gjeldande, særleg når det gjeld dei tryggingss-

messige sidene og korleis dei ser føre seg at EU bør svare på krisa, før Rådet gjer vedtak om eit militært alternativ.

3. Deretter vil det bli ført vidare konsultasjonar i 15 + 6-forumet, mellom anna på PSC- og EUMC-nivå, for å diskutere utviklinga av operasjonskonseptet (CONOPS) og tilknytte spørsmål som til dømes kommando- og styrkestrukturar. Dei europeiske allierte utanfor EU vil få høve til å gjere kjent korleis dei ser på CONOPS, og på si eiga potensielle deltaking, før Rådet gjer vedtak om å gå til detaljert planlegging av ein operasjon og vedtak om formelt å invitere land utanfor EU til å delta. Når det er gjort vedtak om å la land utanfor EU delta, vil europeiske allierte utanfor EU, i eigenskap bidragsytarar, bli inviterte til å ta del i den operative planlegginga. Konsultasjonane i 15 + 6-forumet vil ta føre seg den vidare detaljplanlegginga av operasjonen, mellom anna OPLAN.
4. Etter vedtak i Rådet om å setje i verk ein militær operasjon, og ein konferanse om korleis styrkar skal genererast, vil Bidragsytarkomiteen bli nedsett og samankalla for å diskutere fullføringa av innleiande operasjonsplanar og militære førebuingar til operasjonen.
5. Som føresett i Nice vil Bidragsytarkomiteen

spele ei nøkkelrolle i den daglege styringa av operasjonen. Han vil vere hovudforumet der medverkande nasjonar kollektivt tek opp spørsmål som gjeld bruken av styrkane deira i ein operasjon. Komiteen vil diskutere rapportar frå og spørsmål som vert tekne opp av operasjonssjefen, og vil etter behov gje råd til PSC. Bidragsytarkomiteen tek avgjerder om den daglege styringa av operasjonen og legg fram tilrådingar om moglege justeringar i den operative planlegginga, mellom anna eventuelle justeringar i målsetjingar, ved konsensus. Synspunkt som kjem til uttrykk i Bidragsytarkomiteen, vil PSC ta omsyn til når denne vurderer spørsmål om politisk kontroll og strategisk leiing av operasjonen. Rådssekretariatet vil utarbeide referat av diskusjonane under kvart møte i Bidragsytarkomiteen, som vil bli oversende til representantane i PSC og EUMC tidnok til neste møte i dei respektive komiteane.

6. Operasjonssjefen vil rapportere om operasjonen til Bidragsytarkomiteen slik at denne kan utføre sine oppgåver og spele si nøkkelrolle i den daglege styringa av operasjonen.

Med vennleg helsing
Javier Solana

Vedlegg 7**Brev av 13. desember 2002 frå generalsekretær George Robertson til høgrepresentanten for den felles utanriks- og tryggingspolitikken i Den europeiske unionen, Javier Solana**

Takk for ditt brev av 13. desember 2002. Det nordatlantiske rådet har i dag godkjent følgjande vedtak.

Vedtak i Det nordatlantiske rådet (NAC)

1. Rådet ønskjer å vidareføre eit nært og tydeleg tilhøve mellom NATO og EU, og står klar til å støtte EU-leidde operasjonar der Alliansen som heilskap ikkje engasjerer seg militært, i samsvar med vedtaka som vart gjorde på toppmøtet i Washington og seinare ministermøte. Alle allierte seier seg på nytt forplikta til ESDI og til å styrkje den europeiske søyla i Alliansen. Vi helser velkommen og ser fram til den fullstendige iverksetjinga av dokumentet «ESDP: Gjennomføring av Nice-vedtaka om deltaking for europeiske allierte utanfor EU», som EU har vedteke og som løyser deltakingsspørsmålet på ein måte som er tilfredsstillande for alle allierte. På dette grunnlaget tek Rådet på seg heilt og fullt å støtte og leggje til rette for den vidare utviklinga av EUs ESDP på ein måte som også styrkjer Alliansen.
2. Rådet er fast bestemt på snarleg å avklare dei detaljerte ordningane for gjennomføring av kvart av elementa i Berlin pluss, og likeins alle andre uløyste spørsmål om tilhøvet mellom NATO og EU, i samsvar med vedtaka frå NATO-toppmøtet i Washington og idet ein tek omsyn til dei relevante konklusjonane frå Det europeiske rådet i Nice. Vi ser fram til å komme fram til ei fullstendig avklaring av tilhøvet mellom dei to organisasjonane. Som utanriksministrane våre vart samde om i Brussel den 15. desember 2000, ser vi fram til å få samanfatta dette mangslungne arbeidet i ein rammeavtale som skal formaliserast saman med EU, utan at det skal vere til skade for vedtaka som er nemnde nedanfor.
3. Vi er no i stand til å gje EU rask tilgang til dei kollektive ressursane og evnene i Alliansen ved operasjonar der Alliansen som heilskap ikkje er engasjert militært. Med tanke på dette har vi i dag gjort følgjande vedtak:
 - Det strategiske samarbeidet mellom NATO og EU og gjennomføringa av Berlin pluss-ordningane vil vere avgrensa til NATO-medlemmer og dei EU-medlemmene utanfor NATO som har undertekna rammedokumentet for Partnerskap for fred (PPF) og såleis er partar i PPF, og som har inngått bilaterale tryggingssavtalar med NATO.
 - EU er no med omgåande verknad sikra tilgang til planleggingsevner i NATO som er i stand til å bidra til militær planlegging for EU-leidde operasjonar. Det trengst såleis inga godkjenning frå sak til sak. Militærstyresmaktene i NATO får hermed i oppgåve å gjennomføre dette vedtaket straks, på grunnlag av det arbeidet dei har utført. EU kan gjere seg nytte av planleggingsevnene i NATOs militære kommandostruktur på permanent og vedvarande basis. Denne tilgangen dekkjer alle former for operativ planlegging, utan unntak. Ekspertar frå medlemsland i EU som ønskjer å delta, vil kunne engasjere seg i NATO-aktivitetar til støtte for EU-planlegging.
 - NATO-evner og felles NATO-ressursar til bruk i EU-leidde operasjonar vil snart vere førehandsutpeika, og vert då å rekne som tilgjengelege for EU. Ekspertar frå NATO og EU vil no som ei hastesak utvikle dei nødvendige ordningane for utpeiking, frigjering, overvaking, tilbakeføring og tilbakekalling av slike evner og ressursar. Vedtak om frigjering av slike ressursar og evner vil bli gjorde av NAC, og så lenge slike EU-leidde operasjonar pågår, vil NAC bli halde orientert om bruken av desse.
 - Innanfor NATO skal vi fastsetje eit spekter av kommandoalternativ for EU-leidde operasjonar, mellom anna med ei vidareutvik-

- ling av rolla til NATO sin militære nestkommanderende i Europa (DSACEUR) for å gjere han i stand til å utføre sin europeiske oppgåver fullstendig og effektivt. Ordningar for å få til dette vil bli utarbeidde som hastesak.
- Arbeidet med å tilpasse forsvarsplanleggingssystemet i NATO slik at tilgangen på styrkar til EU-leidde operasjonar får ein større plass, vil bli framskunda. Målet for oss, som for EU, er å utvikle dei militære evnene som trengst for at dei oppdraga begge organisasjonane ser føre seg, skal kunne utførast på den tydelege, opne, konsekvente og samarbeidsbaserte måten som er nødvendig.
 - For å få til dette vil vi i samarbeid med EU framskunda utarbeidinga av ordningar for samarbeidet mellom NATO og EU om utvikling av evner, og gjev hermed den internasjonale staben i oppdrag å gjennomføre desse i nært samarbeid med EU. NATO vil halde fram med å stille sin ekspertise til rådvelde for EU innanfor specialeininga Headline Goal Task Force Plus, der dei nasjonale ekspertane til dei allierte som ønskjer det, får høve til å delta.
- Vi ber om at EU raskt må avklare korleis styrkebidraga frå europeiske allierte utanfor EU vil bli behandla innanfor planleggingsprosessen i EU og i EU-leidde operasjonar.
4. Ordningar for alle andre uavklara element i samkvemmet mellom NATO og EU vil bli utarbeidde parallelt som ei prioritert oppgåve. Særskilt vil vi straks setje i gang forhandlingar med EU om å inngå ein permanent tryggingssavtale mellom NATO og EU med sikte på at ein slik avtale skal vere heilt og fullt iverksett innan 1. mars 2003. Vidare vart stats- og regjeringssjefane våre i Praha samde om å planleggje ei fellesøving med EU i 2003. Med vedtakinga av dette dokumentet stadfester vi som vårt syn at denne øvinga bør finne stad i november 2003.
 5. Vi tek på oss å få på plass dei detaljerte ordningane desse vedtaka krev, både internt og mellom NATO og EU, innan 1. mars 2003. I tillegg til dei avtala møta mellom grupper frå dei to organisasjonane vil NATO-stabar arbeide vidare med å utvikle tettast moglege kontaktar med EU-stabar for å lette gjennomføringa av desse ordningane.
-

Vedlegg 8**Fellesfråsegn frå EU og NATO om Den europeiske forsvars- og tryggingspolitikken (ESDP) 16. desember 2002***Den europeiske unionen og Det nordatlantiske forsvarssambandet*

- helser velkommen den strategiske partnerskapen som er etablert mellom Den europeiske unionen og NATO på krisehandteringsområdet, med grunnlag i felles verdier, udeleg tryggleik og eit fast forsett om å løyse utfordringane i det nye hundreåret,
- helser velkommen den viktige rolla til NATO innan krisehandtering og konfliktførebygging, og stadfester at NATO no som før er grunnmuren i det kollektive forsvaret av medlemmene i organisasjonen,
- helser velkommen den europeiske trygging- og forsvarspolitikken (ESDP), som skal utvide det spekteret av verkemiddel som unionen alt har til disposisjon for å handtere kriser og førebyggje konfliktar og såleis støtte opp om den felles utanriks- og tryggingspolitikken, med ei evne til å gjennomføre EU-leidde krisehandteringsoperasjonar, også militære operasjonar der NATO som heilskap ikkje er involvert,
- stadfester at ei sterkare europeisk rolle vil vere med på å vitalisere Alliansen, særleg på krisehandteringsområdet,
- stadfester sitt faste forsett om å styrkje sine evner,

og erklærer at tilhøvet mellom Den europeiske unionen og NATO skal vere grunnlagt på følgjande prinsipp:

- partnerskap for å sikre at krisehandteringsaktivitetane i dei to organisasjonane er gjensidig forsterkande, samtidig som ein erkjenner at Den europeiske unionen og NATO er organisasjonar med kvar si eigenart,
- effektive og gjensidige ordningar for konsultasjon, dialog, samarbeid og innsyn,

- likeverd og tilbørleg respekt for Den europeiske unionen og NATO sine interesser og frie rett til å gjere eigne vedtak,
- respekt for interessene til medlemsstatane i Den europeiske unionen og NATO,
- respekt for prinsippa i FN-charteret, som ligg til grunn for Traktat om Den europeiske unionen og Washington-traktaten, for å sikre eitt av dei uunnverlege fundamenta for eit stabilt euroatlantisk tryggingssmiljø grunnlagt på forpliktande vilje til å løyse tvistar på fredeleg vis, der ikkje noko land kan skremme eller tvinge noko anna ved å true eller bruke makt, og på respekt for rettar og plikter etter inngådde avtalar og på å avstå frå å handle einsidig,
- konsekvent, tydeleg og gjensidig forsterkande utvikling av dei militære evnekrava som er felles for dei to organisasjonane.

For å oppnå dette

- arbeider Den europeiske unionen for å sikre at europeiske NATO-medlemmer utanfor EU kan delta i størst mogleg grad i ESDP idet dei aktuelle Nice-ordningane blir sette ut i livet, som skissert i brevet frå EUs høge representant av 13. desember 2002,
- støttar NATO ESDP i samsvar med dei relevante vedtaka frå toppmøtet i Washington, og gjev Den europeiske unionen, mellom anna og særskilt, garantert tilgang til NATOs planleggingsevner, slik det går fram av NATO-rådsvedtaka av 13. desember 2002,
- har begge organisasjonane erkjent behovet for ordningar som sikrar konsekvent, tydeleg og gjensidig forsterkande utvikling av evnekrava som er felles for dei to organisasjonane, på grunnlag av ei open innstilling.

